

Troms skogselskap

Årsmelding 2024

INNHALD

Troms skogselskap

Styret – administrasjon	5
Årsmøtet	6
Eigedommane	10
Melding frå planteskolane	11
Informasjon – Andre arbeidsoppgåver	21
Island september.	27
Fond – legat – rekneskap	30

Skogbruket i Troms

Skogbruksstyresmakt – funksjonærer.	39
Ulike arbeidsoppgaver – tiltak.	41
Skogens tilstand og vekst	44
Vêrtilhøva	44
Skogtilstanden	51
Skogens vekst	51
Skadar på skogen.	55
Blomstring – konglesetting	52
Skogsbær - matsopp	56
Vilt – skog	57
Fleirsidig skogbruk	59
Skogkultur	59
Skogsdrifta	60
Driftsteknikk.	63
Skogsvegbygging	63
Skogfond.	65
Skogtaksering	65
Arealforvaltning	66
Rettleiingstiltak – samlingar	66

Tabeller I – XI	71
----------------------------------	-----------

Vedlegg

Vedlegg 1	Vedlegg 1 Svein Arne Laxaa -Skogbruk på landbruksskolen Litt om opplegget i åra 1988–2020
Vedlegg 2	Frå eit yrkesliv som skogfunksjonær i Lenvik Svein Georg Hove fortel frå sitt virke som skogmester i Lenvik (19/6 -1989 – til i dag 24. sept. 202)
Vedlegg 3	Ein tur til Island i tilknytting til bokutgjevinga om byttereisene.
Vedlegg 4	Notat frå Leif Evje basert på egne observasjoner i Kvæfjord i løpet av 2024

TROMS SKOGSELSKAP 2024

STYRET

Etter årsmøtet 24. september 2024 har styret denne samansetting:

- | | | |
|-----------------------------------|------------------|------------------|
| 1. Kristian Karlsen, Målsel | vald av årsmøtet | 2024 – leiar |
| 1. Kristian Karlsen, Målselv, | vald av årsmøtet | 2024 – leiar |
| 2. Leif Evje, Kvæfjord, nestleiar | « « | 2022 - nestleiar |
| 3. Geir Inge Sivertsen, Lenvik | « « | 2022 |
| 4. Elisabeth Torstad, Lyngen | « « | 2023 |
| 5. Oddvar Brenna, Sørreisa | « « | 2024 |

Varamedlemmer (vald samtidig med styremedlem med same nummer).

1. Mette Kinderås, Harstad, 2024
2. Inge Fredheim, Salangen, 2022
3. John Karlsen, Nordreisa 2022
4. Ingrid Krogstad Sørreisa 2023
5. Verna Lise Viken, Nordreisa, 2023

ARBEID I STYRET

Styremøte

Styret har hatt 2 møte, begge på nett (Teams), med 16 protokollførte saker.

Av saker nemnast:

Administrative

- Rekneskap og budsjett. Kapitalorvalting. Heradsskogfonda.
Fagerlidal 54/13
- 132 kV line frå Bardufoss til Finnfjordbotn.
Ervik 79/5
- Nabogrense sommarhus/hyttetomt.
- Førespurnad om bruk av veg.
Leirbrkkmoen 7/5 i Målselv

- Utleige av elgvald
Brandsegg 85/7 i Målselv
- Lysløype – forlenging av avtale.
Skogbrukets hus
- Utleige av kontor. Vedlikehald.

ADMINISTRASJON OG TILSETTE

Administrasjon

Terje Dahl er selskapets sekretær. Konsulent Anne-Sofie Jakobsen har heil stilling hos Statsforvaltaren Ho har vore leigd inn for å ta seg av rekneskapen.

Bardufoss planteskole

Magne Ove Holmebukt er heilårstilsett.

Reinhald

Reinhaldet i Skogbrukets hus vert utført av Toma Facility Services As ved deira avdelingskontor på Finnsnes. Toma-gruppen har hovudkontor i Bergen.

Revisor

Revisjonsfirmaet Helberg og Øverås A/S er skogselskapets revisor.

Medlemmar 206

Alle medlemmane av skogselskapet får bladet «Skog og miljø». Da det etter nogjeldande vedtekter i DnS ikkje skal vervast livsvarige medlemmar, har medlemstalet gått jamt nedover.

100 år

Jan Fossmo runda 100 år 15. juni. Han var med i styret i Troms skogselskap 1984 – 1994, og var formann 1987 – 1994.

ÅRSMØTET 2024 I TROMS SKOGSELSKAP

Årsmøtet var i år tirsdag 24. september på landbruksskolen på Senja – Senja vidaregåande skole – avd. Gibostad som han heiter no. etter samanslåing med den tidlegare Finnfjordbotn vidaregåande skole (Finnfjordbotn gymnas før det igjen).

Vêret på årsmøtedagen var litt kjølig og rått, og med haustfarga skog.

Skogdag og årsmøte vart avvikla i skolen sine lokalitetar. Til opplegget på skolen hadde vi god hjelp av avdelingsleiar Sylvi Gjerdrum Arntsen og skogbrukslærar Inge Walør.

Skogdagen

Tok til kl.1100.

Avdelingsleiar Sylvi Gjerdrum Arntsen orienterte om skolen i dag, dei ulike faga og talet på elevar.

Gibostad har utdanningstilbod innan **Naturbruk**, og marknadsførar seg slik:

«Dette utdanningsprogrammet gir yrkesfaglig opplæring. Vil du bli gartner eller agronom? Skogsoperatør? Hovslager eller hestefaglært? Fagarbeider i reindriftsfaget? Fisker eller fagarbeider i akvakultur? Da kan naturbruk være noe for deg.

Senja vidaregåande skoles avdeling på Gibostad består av *naturbruk grønn og blå linje*. Blå linje er retta mot havbruk og oppdrett.

Naturbruk Grønn

gir en god grunnutdanning for den praktiske yrkesutøvelsen innen jordbruk, skogbruk og gartnerier. Også for deg som tenker å ta høyere utdanning innen landbruk og som vil være med å spille en sentral rolle i å løse framtidens utfordringer innen miljø, energi og klima, er utdanningen relevant.»

Skolens verdisyn er
Mangfold - Mestring – Samhold

Skogfag er ein del av Naturbruk grøn.

Inge Walør fortalde om opplegget for undervisinga i skogfag og skogsutstyret dei råd-de over. I år var det 14 elevar med på skogbruk. Forutan arbeid i skolen sine skogar, påtok dei seg oppdrag innan hogst og skogskjøtsel. Ein del av oppdraga fekk dei frå Statsforvaltaren når det trengtes skogkyndig arbeidskraft for tiltak i og rundt verneom-råda.

Traktor med vinsj og kran vart brukt. Eit av dei mest populære opplegga var tynning i ungskog og framdrift med snøscooter. Eit driftsopplegg som óg høvde godt for eigedommar med små og spreidde skogbestand. Det var opplæring og kursing slik at elevane vart kjent med fleirbruk og PEFC – standarden.

Walør har vore tilsett på Gibostad sidan 2012. Dei siste åra med ansvar for skogopp-læringa.

Utdanning i endring

Sidan først på nittitalet har det vore mykje endringar i skolestruktur og undervisings-opplegg. Svein Arne Laxaa var skogbrukslærar frå sist på nittenåttitalet til han gjekk av i 2020. Han har laga eit kort notat til årsmøtet om denne tida: «Skogbruk på land-bruksskolen» («Vedlegg 1» bak i årsmeldinga). Han vart hindra i å stille opp, og Walør tok dette med.

«Vårt håp er jo å få mer skogbruk og utmark inn i undervisning» (Inge Walør).

TROMS SKOGSELSKAP

Årsmøte 2024

Landbruksskolen på Gibostad 24, september 2024

Senja videregående skole - avd. Gibostad

Notat om rådgjeving, opplæring, landbruksskolen mm frå pionertida og utover



Her har det stått store tre.

«I den falne kjempens sted settes nye planter ned»

Ved Nymoelva – under Rundhaugen, Sørli, Senja 1969.

(Frå Hyttebok, Sørli på Senja, Erling Messelt).

Hefte om landbruksskolen

Landbruksskolen vart frå første stund viktig for jord og skogbruket i fylket. Skolen starta opp i 1914. Til årsmøtet i år laga Troms skogselskap eit «Notat om rådgjeving, opplæring, landbruksskolen mm frå pionertida og utover». Her er det òg tatt med anna stoff om informasjonstiltak i fylket og om drift av eigedommane Sørli og Sørlielv, og islandsplantane på desse 2 eigedommane og skogselskapet sin eigedom Norum. («Troms skogselskap, årsmøte 2024 – Landbruksskolen på Gibostad 24. september 2024», 28 sider).



Avdelingsleiar Sylvi Gjerdrum Arntsen, skogbrukslærer Inge Walør. Og skogmester Svein Georg Hove.

Skogbruk gjennom 35 år – skogmester Svein- Georg Hove fortalte fra si tid i Lenvik. Her tar vi med frå kapitlet om høg aktivitet med breidde (sjå vedlegg 2 bak i årsmeldinga).

«Det å ha jobbet med skog- og utmarksoppgaver i 35 år har vært svært givende. Men mye har endret seg, også arbeidsoppgavene. Fra jeg begynte i jobben som skogmester i Lenvik kommune og fram til omkring århundreskiftet var det relativt mye aktivitet i skogen, i alle kommunene i Midt-Troms. Vi var mer ute i felten, både sommer som vinter. Vi målte inn virke ifb. forskuddsbetaling til entreprenørene, gikk opp grenser, skrev virkesavtaler med skogeierne, kjørte ut plugg og barrottsplanter (produsert på Fossmoen (Bardufoss planteskole) til plantegjenger og til skogeierne, iverksatte ulike Aktivt Skogbrukskurs, satte i gang ungdom med skogplanting og skogrydding/ungskogpleie. I tillegg var det skogdager med ulike temaer, skoleplanting m.m. Skogbrukssjefen jobbet i hovedsak med vegsaker, høringer, overordnede oppgaver, mens skogmestrene jobbet med skogkultur, samt at vi var sekretær for viltneimnda.»



Svein Georg Hove fortel frå sitt virke som skogmester i Lenvik (19/6 -1989 – til i dag).

Årsmøtet

Årsmøttet fortsette direkte etter skogdagen i same lokale.

Leiaren opna møtet og ønskte 14 frammøtte velkomne til årsmøtet.

Leiarens 5 minutt

Skogselskapet totalt sett gjekk med overskott, men vi slit med plantesalet og økonomien i planteskolen.

Skogbruket har generelt sett problem med rekruttering. Noko som vi merker godt i skogselskapet. I januar 2023 deltok skogselskapet på Yrkes- og utdanningsmessa i Nordkjosbotn, vi heldt fram med dette på 3 nye messer i 2024.

Saman med «Vel skog», kjøpte vi inn utsillingsmatriell.

Vi hadde som vanleg informasjonsopplegg i «Nye Troms», sentralt kjører dei Skogleikene og «Kong(l)e for ein dag» der skolar i Troms er med. Leiaren og sekretæren deltok på 125 års jubileet til Det norske Skogselskap» i Oslo. I 2025 er vår tur å jubilere. Det siste av dei to bokprosjekta vi har hatt dei seinare åra vart ferdig i 2023.

Det er mykje å ta fatt i, og nok å gjere, Vi saknar det breie engasjementet kommunane «før i tida» hadde i skogsaka og oppbygging av langsiktige ressursar.

Til slutt vil eg takke medarbeidarane i skogbruket for innsatsen.

Årsmeldinga

Sekretæren gikk gjennom årsmeldinga, og knytte nokre merknader til einskilde postar.

Flere stilte spørsmål angående medlemskontingenten.

Årsmelding godkjent.

Rekneskapen

Sekretæren gikk gjennom rekneskapen.

Leiaren gikk gjennom revisjonsberetninga.

Den låge omsettinga av plantar og faren for å måtte legge ned planteskole-drifta, vart diskutert.

Rekneskapen godkjent.

Val

Brynjar Jørgensen la fram valnemda sitt framlegg.

Følgande blei vald:

Val av 1 styremedlem m/varamedlem:

Medlem	På val	Kristian Karlsen, attval
	Varamedlem:	Mette Kinderå. Nyvald.

Medlem:	På val	Mette Kinderås
	Vald	Oddvar Brenna
	Varamedlem	Verna Lise Viken, Nordreisa (vald 2023)

Val av leiar for 1 år:	Kristian Karlsen attvald
------------------------	--------------------------

Val av nestleiar for 1 år:	Leif Evje attvald
----------------------------	-------------------

Etter valet har styret denne samansettinga:

Leiar:	Kristian Karlsen, Målselv
--------	---------------------------

Nestleiar:	Leif Evje, Kvæfjord
	Elisabeth Torstad, Lyngen
	Geir Inge Sivertsen, Senja
	Oddvar Brenna

Val av revisor:	Revisorene Helberg & Øverås attvald.
-----------------	--------------------------------------

Val av 1 medlem til valnemnda:	Ann-Hege Hanstad
--------------------------------	------------------

Arbeidsoppgåver framover.

Ein stor del av tida går til dei faste arbeidsoppgåvene knytta til administrasjon, planteskole og forvaltning av eigedomane.

Vi har som mål å vere meir synleg og å følge opp saker utat så langt vi strekk til.

Årsmøtet vart avslutta med middag i skolens kantine.

Eigedommar

Tiltak på eigedommane går fram under styrebehandlin s. 4.

Fagerlidal:

Kommunen har hatt stor graveaktivitet i samband med opprusting og forbetring av vatn og kloakksystemet nord for Skogbrukets hus. Heile jordstykket vart snudd rundt.



*Arbeid
med vatn
og avløp.*



MELDING FRÅ PLANTESKOLANE 2024

BARDUFOSS PLANTESKOLE

Styret

Styret for planteskolen er det same som for Troms skogselskap. Styret har hatt eitt møte der dei handsama rekneskap, budsjett, drifta i planteskole og planteprisar. Plantesalet er lågt, og skogselskapet slit med å halde plantesskolen i gang.

Planteskolen

Plantane i planteskolen var dekte av snø heilt til midten av april. Det var lite nedbør og snø frå februar og utover.

Frå palmesøndag 24. mars og fjorten dagar framover fekk vi ein bolck med kaldvêr. 5.april målte vêrstasjonen på Bardufoss - 26 oC som er det kaldaste som er målt der i april sidan oppstart i 1946.

I det kjølige vêret med kalde netter tina det mest ikkje i planteskolen. Frå midten av april og dryge tre veker framover kom det berre ein 6 – 7 mm nedbør. Dag-temperaurane låg på pluss sida, men natttemperaturen kom ikkje over null før vi runda mai.

Snølaget vart etter kvart flekkvis med hard og isate skare og heldt seg til rundt månadsskiftet. På målestasjonen på Bardufoss var det snølaust 13. april.



Tining av vassrøyr 2. mai.

Såing

Såing i plantebretta vert gjort i produksjonslokala (kjellaren) i Skogbrukets hus. Magne Ove hadde god hjelp av to ukrainarar, og arbeidet var utført frå slutten av februar til 6. mars.

I år nytta vi 2 hus til nysåingane – hus 1 og hus 9. Det vart lagt til rette for oppsett av veksthusa, men speik og tele seinka arbeidet, og det første huset (Hus 1) var oppe 20/4. Pottebretta med furu M95 og gran M60 var sett ut til 29. april. Men i år vart vi plaga litt med vassilførselen. Vassrøyret frå pumpehuset og ca. 10 meter oppover var speikt, slik at vi måtte få tak i ein som kunne stime det opp. Dette vart gjort 2. mai, og nysåingane kunne vatnast opp same dag.

Hus 9 var oppe 3. mai, og pottebretta vart oppvatna 6. mai.

I dette huset var det gran: 200 M60 P1, 200 M95 P2, resten var ca, 3 500 P1 M95.

Desse treslag og proveniensar vart sådde i dei 7 350 pottebretta:

Treslag	Antall brett	Plante-type	Proveniens	Frøparti	Frøforbruk kg
Gran	3450	M-95	P1	F21-017	3,81
	2000	M-60	«	F21-017	
	200	M-95,14	P2	4156	0,17
Furu	800	M-95	X-1 Målselv	F21- 034	0,57
	200	M-95	X-2 - Målselv	F06 -022	0,3
	100	M-95	Z1	4942	0,14
	600	M-95	Ø1- Alta	F12-004	0,59
	7350				

Vekstsesong

Tininga i plantepartia av 1, 2 og 3 åringar gjekk sakte I dei eldste plantepartia stod pottebretta fleire stader i is til over midten av mai. Det var greitt at det ikkje vart for varmt i desse dagane og opptininga gjekk godt (20/5).

Dei største plantane, 2– og 3-årig gran, stod i hus 6 og 7. Desse husa venta vi med å sette opp. Det vart tidleg klart at dei heller ikkje skulle opp denne sesongen – veksten var god nok utan vekstduk. Utfordringa etter kvart vart heller å halde temperaturen nede.og vatinga oppe.

Ein rekordvarm vekstsesong vart avslutta med god innvintring. I dei veksthusa vi hadde vekstduk over, var utfordringa å halde temperaturen nede, både for plantar og arbeidarar. Med tilpassingar gjekk det greitt. Likeså med ei tidvis krevjande oppfølging med vatning.

Første frostnatta var 14. september med -0,3°C.

Leverte plantar 2024

Det vart i år levert 426 500 plantar frå panteskolen. Første plantelasset – 19 000 furu - vart kjørt ut i Målselv 7. juni. Siste utkjøring var òg til Målselv - 20. september gjekk det ut 4500 gran M-60.

Skilje mellom vår- og haustplanting set vi ved utsende plantar innan 15. juli. I år vart ein fjerdedel av plantane levert til vårplanting.

Treslag	Proveniens	Vårplanting	Hautplanting	I alt
Gran	P1 – M95	29 500	179 715	209 215
	P1 – M60	5 000	64 000	69 000
	P2 – M95	-	39 035	39 035
		34 500	282 750	317 250
Furu	X1	27 000	32 360	59 360
	X2	9 500	1 390	10 890
	Z1	-	-	-
	Æ1	10 500		10 500
	Ø1	28 500	-	28 500
		75 500	33 750	109 250
I alt		110 000	316 500	426 500

Frøparti: Gran P1 - frøpartiet 4204, P2 er 4156. Furu: X1 (Målselv) F12-011, X2 F06- 022, Ø1 (Alta) F12-004.

Plantane vart leverte til (avrunda tal):

Balsfjord	33 000
Harstad	25 000
Målselv	315 000
Sørreisa	10 000
Finnmark	43 500
I alt	426 500



Pakking 18.07 - hus 6. Her vert gran P-1 pakka i sponkassar med 500 plantar i kvar. Desse plantane, i alt 4 500, skal til Alta. Plantane vert sende saman med 39 000 furuplantar i potttbrett som òg skal dit. Skogselskapet køyrer plantane med sin eige lastebil.

Plantebeholdning hausten 2023 (i 1 000).

	Prov.	Potttbrett	1 år	2 år	3 år	Sum
Gran	P-1	M95	301	575	-	876
"	P-1	M60	122	10	141	273
«	P-2	M95	8	7		15
Furu	X1	M95	67			67
«	X2	«	16			16
«	Z1	«	2			2
«	Æ1	«	-			-
«	Ø1	«	50			<u>50</u>
<u>I alt</u>						<u>1 299</u>



Nysåing – hus 1 – 28.mai – sett til spiring 2. mai.

Oppstart – arbeidsopplegg tynning



Hus 1 – tid for tynning – 3. juni.



Tynning 4. juni hus 1.



Omstilling 2. juli – hus 6.

Skadar

Eit skadefritt år.

Ugras

Ugrastrykket er stort. I år merka vi godt at vi hadde god hjelp frå ukrainarane i arbeidet med ugrasreinhaldet. I tillegg til manuell ugrasluking, nytter vi òg minst mogleg sprøyting i ugraskampen. Dei preparata vi har brukt er glyfosat, bokser og tell.(om ugras, sjå òg TS – 2023, s. 18).



Magne Ove i sprøyting i hus 8 28. mai.

Gjødsling

Gjødslinga gjekk greitt. Som vanleg sende vi prøver frå ulike planteparti til analyse og vurdering hos den felles planteskolekonsulenten, forskar Inger S. Fløistad, NIBIO. Analysane frå ho fekk vi i skriv av 16.12. 2024 med resultat og råd. Fine resultat, men litt lite nitrogen:

«Årets baranalyser er gjennomgått og følger vedlagt.

Jeg beklager sein oversending av resultatene!

Resultatene er som før hovedsakelig vurdert opp mot Torstein Ingstads optimalverdier for spireplanter og Finn H. Brækkes anbefalinger for skog, slik det er gjort tidligere. Normtallene som vi tidligere har brukt er oppført på samme excelark, sammen med årets gjennomsnitt for alle planteskolene samlet.

Der det er vesentlige avvik fra normtallene har jeg kommentert dette for hver enkelt planteskole under.

Bardufoss

Det er veldig fine bor-verdier, har dere tilført bor separat siden resultatet er såpass forbedret siden i fjor?

Men unntak av nitrogen, er det også for de andre næringselementene fine verdier. Nitrogen er noe lavt i alle prøvene. Produksjonsplantene kan gjødsles opp neste år, men salgsplantene i prøve 3 kunne med fordel hatt med seg noe mer «niste». Men det var kraftige og fine planter, så det er litt overraskende at ikke nitrogeninnholdet er høyere. Når var siste gjødslingsdag i høst? Kanskje kunne det vært en fordel med gjødsling noe lengre utover i sesongen, eller tilførsel av kalsinitt noen ganger i sesongen om det ikke har vært rutine.

Med vennlig hilsen

Inger Sundheim Fløistad»



28. mai – utestreng - omstilling

Arbeidskraft

Magne Ove Holmbukt er fast tilsett i skogselskapet og er arbeidsformann i plante skolen og styrer med denne.

Dei siste åra har det vore noko vanskeleg å skaffe arbeidskraft til planteskolen. Ein årsak er at skolane held fram nesten til sankt hans. Da har planteskolen hatt bruk for ekstra hjelp ein månads tid.

I år fekk vi førespurnad frå NAV om vi kunne ta inn nokre ukrainske flyktningar, helst for nokre månadar. NAV skulle dekke ein del av opplæringstida. Vi tok imot 3 personar. To begynte i slutten av februar, deltok i såinga og hadde eit opphald til etter påske. Ein stara i juli. Medan ein begynte på skole i august, vart dei to andre ut oktober. Det var nyttig og god arbeidskraft.

Arbeidstrening for ungdom. Eit nyttig prosjekt i regi av Statsforvaltaren. I år var deltakarane med på vanleg planteskolearbeid, særleg tynning og omstilling (sortere plantar og fylle opp pottebretta) før utsending.. I år var det 14 skoleungdommar som arbeidde i planteskolen

Vekst og vekstavslutting - vêret gjennom vekstsesong til årskiftet

Veksthusa med nysåingane var oppe dei første dagane i mai. Spiretilhøva var gode, samstundes med at utetemperaturen første halvdel av mai ga ei sakte og god opp- tining for dei eldre plantepartia der pottebetta enno stod i is.

Sommaren var rekordvarm, vatninga fungerte bra og veksten på plantane vart tilfreds- stillande.

Vêrstasjonen på Bardufoss flyplass ligg under 3 km i luftavstand frå planteskolen. Vi nyttar tal frå denne. På denne vêrstasjonen registrerte dei 70 sommardagari år (Ein sommardag må ha temperatur over 20 gradar. Dette er rekord. Sommardagane deler seg slik på dei 5 månadane frå og med mai til og med september:

<i>Dagar over 20</i>	<i>mai</i>	<i>juni</i>	<i>juli</i>	<i>aug</i>	<i>sep.</i>	<i>Vekstsesongen</i>
<i>Bardufoss</i>	8	11	21	21	9	70

Vêret var skiftande utetter seinhaust og førjulsvinter, men frå midten av november var plantane dekte med snø.



21. nov.2024: Nærast er 1-årige plantar i hus 9 dekt av snø. Over midten av bildet ser vi 2-årige og eldre plantar mest utan snødekke .Etter nokre dagar var snødekket over 30 cm.

Ervik planteskole

Utleige

I driftsbygninga er det to leigetakarar. Den eine leiger til lagerlokale, og den andre driv med veteranbilar.

Våningshuset var leigd ut på korttidskontrakt. Leigetakaren her flytta ut november. Tidlegar leiar i skogselskapet, Sverre Kulseng, har hatt tilsyn med huset.

25 dekar dyrka mark av det tidlegare planteskolearealet er leigd ut på 10-års kontrakt.

INFORMASJON – ANDRE ARBEIDSOPPGÅVER

Rekruttering – utdanning

Rekruttering til skogbruk og skogbruksutdanning er ei viktig oppgåve for skogselskapet. Dei par siste åra har vi hatt særskild satsing på dette området. Vi har samarbeid med «Velg skog». I november fjor (2023) var dagleg leiar Kristin Slyngstad i «Velg skog» i fylket og deltok med orientering på nokre skolar.

Det vart avtalt at Slyngstad skulle delta saman med oss på Yrkes- og utdanningsmessene på Storslett og i Nordkjosbotn komande januar 2024. I tillegg skulle vi prøve å få til eit informasjonsopplegg for elevar på Bardufoss vidaregåande skole i Målselv. (sjå TS 2033).

Troms skogselskap, sponsa av «Velg skog», kjøpte inn materiell til bruk på slike messer.

2024

Skogselskapet deltok på 2 yrkes- og utdanningsmesser, 2 orienteringar på vidaregåande skolar og ein «Open gard». Ein grei innisats. Sekretære saman med Gunnar Kvaal har stått for opplegga.

Det planlagte opplegget frå november i fjor vart gjennomført i januar:

- 24.01 - orientering for elevar på Bardufoss vidaregåande skole
- 25.01 – deltaking på Yrkes- og utdanningsmesse på Storslett
- 26.01 - « « « « i Nordkjosbotn

På Storslett deltok elevar frå skolane i Nord-Troms, og til Nordkjosbotn kom elevar frå Balsfjord, Lyngen og Storfjord. I tillegg var det deltakarar frå vaksenopplæringa (flyktninar).

Elevane kjem inn på messa i puljar – eit godt opplegg. Dette er gode plassar å drive informasjon. Vi blir ikkje nedrent, men når fatt mange.

- 10. okt. – open dag på Gibostad -
- 27. november orientering til elevar på Finnfjordbotn vidaregåande skole



Frå Yrkes- og utdanningsmessa i Nordkjosbotn – dagleg leiar Kristin Slyngstad i «Velg «skog» - framfor nyinnkjøpt messestand. 26. januar.



«VELG SKOG jobber med rekruttering, kompetanse og omdømmebygging for skognæringen. Velg Skog finansieres av medlemmer i næringen, Landbruks- og matdepartementet, Skogbrukets Landsforening og NHO Mat og Drikke, samt midler fra skogbrukets ulike prosjektfond»
(frå Nettsida til Velg Skog).

Skogdagar

Skogdag i tilknytting til årsmøtet

Skogdagen i tilknytting til årsmøtet er open for alle.

Skogdag – Øvergård Montessoriskole

I ein kald og solrik april dag var det skogdag ved Øvergård Montessoriskole 19. april. Skogdagen var innhaldsrik og godt lagt opp med gjettekonkurransar og presenta-

sjonar av skogaktivitetar. Bålpølse på spidd var sjølvstekt. Godt arbeid av skolen med lærar Ewa Anne Øvergård og skogsentreprenør Arne Øvergård.

Ca 40 ivrige og engasjerte deltakarar med stort og smått. Skogselskapet støtta arrangementet. Leiar og sekretær deltok.



Vi samlast ved bålet.



10 elevar måtte til for å bære ein bjørkestamme.




med traktor og vinsj gjekk det lettare, og lasta vart større.



Kubbar av ulik treslag må plasserast på riktig ark



... telling av årringar



Blåseprøven – zaloen boblar - veden er tørr.



... kor mykje veg ein sekk med tørr ved?



– bokstavane er stokka om, namn på skogsverktøy. Den var vanskeleg.



- skogsord på norsk og engelsk, vi skal finne par. For eksempel «gran-spruce»



Båling – med pølser på spidd
Vi spiste pølser, ketchup, sennep, brød og lompe.
Vi drakk saft og fikk sjokoladehjerter og marshmallows til dessert.

Open dag - Landbruksskolen Gibostad



Laurdag 11. oktober, 10 – 14, arrangert landbruksskolen på Gibostad (Senja vide-regående skole – avd Gibostad) open dag med guidet omvisning, sal av grønsaker, kjøtt, fiskeprodukt og ved. Konkurransar, riding og traktor- og båtsimulator mm. Arrangementet var godt besøkt.

Troms skogselskap hadde ein informasjonsstand inne med orientering om skogen i Troms, karbonbinding i kommunane og «Velg skog». Gunnar Kvaal og sekretæren stod for dette. Alltid nyttig med profilering.

Aviser

Avisa «Nye Troms» køyrde også i år opplegget med tre temanummer tre torsdagar på rad i oktober. I dei tre kommunane Balsfjord, Målselv og Bardu er Nye Troms største avisa.

17. oktober – fulldistribusjon i Målselv og Sørreisa.

24. « « i Bardu, Salangen og Lavangen

31. « « i Balsfjord og Storfjord

Troms skogselskap hadde same annonsen med informasjon i alle dei tre utgåvene. Annonsen var på ei halv avisside og var lik han vi hadde førre året. Totalt opplag ca. 6500 eksemplar.

Islandsboka – «Frændur fagna skógi – Frender feirer skogen» - og ei 75-årsmarkering

I september var det ei markering i Island med felles opplegg for boknemnda til «Frendar fagnar skog». Det var samankomst i den norske ambassaden og utferd mellom anna til dei første skogplantingane som vart utførde under byttreise i 1949.

Det var i år 75 år sidan den første byttreise med ungdom i skogplanting tok til i 1949. 30 ungdommar frå Island kom til Troms og eit tilsvarende tal ungdommar frå Troms drog til Island. Ein femti års tradisjon starta. Boka „Frender feirer skogen“ omtaler dette. Bokutgjevinga er tidlegare markert i Island (2022) og Noreg (2023), sjå TS 2023, s. 25.

I Island var den felles samankomsten i år òg lagt opp som ei 75 års feiring i „anledning samarbeidet mellom de to vennskapsnasjonene Norge og Island. Det norske amassade og Det islandske Skogselskap hadde opplegget.”

Turen til Island er nærare omtalt i vedlegg 3 til denne årsmeldinga. Nedanfor tar vi med frå **markeringa i Vinaskógur** - ein skoglund nær Thingvellir nasjonalpark og ein stad for markering av venskap.



Jubileumsplanting av 3 tre, her bjørk, i venskapslunden. Halla Tómasdóttir, president i Island (i midten) samt, ambassadør Cecílie Willoch assistert av formannen i Det Isl Skogselskap, Jónatan Garðarsson. (Foto 18.09.2024 - T.Dahl).



Her har den nyvalde presidenten i Island, Halla Tómasdóttir, fått boka „Frændur fagna skógi – Frender feirer skogen“ (Foto 18.09.2024 - T.Dahl).

Meir om utferda, vedlegg 3.

To gode tiltak for skog- og naturopplæring i grunnskolane.

Skogleikene

«Denne vinteren og våren har 1 449 elever fra 5.trinn i hele landet jobbet med oppgaver i Skoglekene. 11 av klassene har fått en plass i finalen, se hvilke her.»

11 skolar frå Troms var påmeldt til skogleikene. Om alle desse stod laupet ut, veit vi ikkje.

Elevar frå Øvergård Montessoriskole var med i finalen på Elverum 6. juni 2024.

«Skoglekene er en konkurranse for landets 5. klassinger. De innledende rundene foregår i skolens nærskog, der oppgavene handler om nær skogen og artene som lever der, og hvilken betydning skogen har for mennesket. Elevarbeidene sendes inn til bedømming, og de beste vil komme til en — nasjonal finale. I finalen er det fire elever + ledsager som får dekt reise.

Skoglekene er et samarbeid mellom Skoleskogen, Skogselskapet, Norsk Skogmuseum og Hamar Naturskole. Formålet er å motivere skolene/elevene til å bruke nærskogen i undervisningen, øke kunnskapen om skog og skape fysisk aktivitet i skolehverdagen.»

Kongle for ein dag

Kong(l)e for ein dag vart i år arrangert for 4. gong med stor deltaking frå heile landet. I Troms var det med skolar frå 18 av våre 21 kommunar. Kor mange elevar som deltok veit vi ikkje heilt, men med rundt 90 klassar måtte det vere nokre hundre. Arrangement i år var 24. og 27. september.

Kva er «Kong(l)e for ein dag»?

Idéen til opplegget ble til mens koronarestriksjonene la føringer for både skole- og arbeidshverdag. Opplegget fenga og talet på deltakarar har nærast eksplodert.

Deltakelse på Kong(l)e for ein dag lar klassen jobbe med de overordnede målene bærekraftig utvikling og respekt for naturen og miljøbevissthet. Oppdragene vil knyttes til kompetansemål i fag som naturfag, matematikk og kunst og håndverk.

Opplegg: Dagen består av en blanding av digital undervisning og praktiske oppgaver i naturen. Oppgaver: Elevene kan velge mellom tre ulike oppdrag som dekker forskjellige læreplanmål.

Som lærer styrer du selv hvordan den praktiske delen av dagen gjennomføres, og i hvor stor grad du bidrar i oppgaveløsningen.

Årsmøte 2023 – Skogbrukets kursinstitutt (Skogkurs) 2023.

Årsmøtet var på Brumundal 31. mai. Ola Gram Dæhlen, Oppland, hadde fullmakt til å representere Troms skogselskap.

FOND – LEGATER – REGNSKAP

Herred	Kapital pr. 31.12.17	Tilgang	Avgang	Kapital pr. 31.12.18
Balsfjord	8 944,77	4,00	0,00	8 948,77
Bardu	8 745,10	5,00	0,00	8 750,10
Berg	4 164,67	2,00	0,00	4 166,67
Harstad	109 393,21	54,00	0,00	109 447,21
Ibestad	27 149,63	13,00	0,00	27 162,63
Karlsøy	44 724,13	22,00	0,00	44 746,13
Kvæfjord	22 191,67	11,00	0,00	22 202,67
Kvænangen	7 790,77	4,00	0,00	7 794,77
Kåfjord	6 776,33	4,00	0,00	6 780,33
Lavangen	11 641,85	6,00	0,00	11 647,85
Lenvik	4 595,10	3,00	0,00	4 598,10
Lyngen	18 335,96	9,00	0,00	18 344,96
Målselv	27 963,66	14,00	0,00	27 977,66
Nordreisa	83 239,66	41,00	0,00	83 280,66
Skjervøy	11 205,72	5,00	0,00	11 210,72
Skånland	3 803,72	2,00	0,00	3 805,72
Storfjord	4 139,97	2,00	0,00	4 141,97
Sørreisa	1 907,98	1,00	0,00	1 908,98
Tromsø	76 749,12	39,00	0,00	76 788,12
Sum	483 463,02	241,00	0,00	483 704,02

Carl H. Giævers legat:	Kapital pr. 01.01.	166 949,19
	Gebyr	800,00
	Renter	<u>84,00</u>
	Kapital pr. 31.12.18	<u><u>166 233,19</u></u>

Øystein Jakobsens legat:	Kapital pr. 01.01.	386 064,76
	Gebyr	1 020,00
	Renter	<u>193,00</u>
	Kapital pr. 31.12.18	<u><u>385 237,76</u></u>

RESULTATREGNSKAP 2018

	2018	2017
DRIFTSINNTEKTER:		
Husleier Skogbr.hus/boliger, Andselv	-1 078 733 1)	-1 182 159
Medlemskontingent	-1 000	-400
Diverse inntekter	-37 594	0
Sum driftsinntekter	<u>-1 117 327</u>	<u>-1 182 559</u>
DRIFTSUTGIFTER:		
Diverse driftskostnader	923 917	859 660
Lønnskostn., sos.utg. m.m.	2) 221 112	358 381
Kontorhold, administrasjon	49 652	58 771
Avskrivninger/avsetninger	6 400	50 000
Skogdager, informasjon, årsmelding	28 163	49 722
Skatt	8) 14 117	21 155
Sum driftsutgifter	<u>1 243 361</u>	<u>1 397 688</u>
Driftsresultat	<u>126 034</u>	<u>215 129</u>
FINANSINNT./KOSTN.:		
Renteinntekter	-2 299	-308 342
TS - renteutgifter/gebyr	62 530 2)	79 675
Bardufoss pl.sk. - renteutg./gebyr	49 431	62 475
Ervik pl.sk. - renteutg./gebyr	321	319
Netto finansinntekt	<u>109 983</u>	<u>-165 873</u>
EKSTRAORDINÆRE INNT./KOSTN.		
Tomteleie, festeavg.	-32 034	-31 648
Ekstraordinære inntekter (bl.a. rentem.)	-149 156	-117 600
Aksjer/verdiapapirer	-325 839	
Tap på salg/husleie		84 582
Medl.kont. m.m. overf. grunnfond	1 000	
Netto ekstraordinære innt./kostn.	<u>-506 029</u>	<u>-64 666</u>
BARDUFOSS PLANTESKOLE:		
Driftsinntekter	-1 430 031	-1 370 549
Kontorhold, adm.	49 964	39 261
Årsmelding, informasjon	28 412	24 524
Driftsutgifter	816 119	588 797
Lønnskostnader, sos.utg. m.m.	2) 1 183 111	1 013 679
Andre kostnader	0	0
Avskrivninger/avsetninger	14 470	17 000
Netto årsresultat	<u>*) 662 045</u>	<u>312 711</u>
ERVIK PLANTESKOLE		
Husleieinntekter/andre innt.	-123 438	-119 158
Kontorhold, adm.	3 508	950
Administrasjon	2) 6 922	20 793
Årsmelding	5 048	5 045
Driftsutgifter	104 930	96 273
Avskrivninger		
Skatt	8) 1 519	3 409
Netto årsresultat	<u>-1 511</u>	<u>7 311</u>
Årsresultat	<u>390 522</u>	<u>304 612</u>

1) Leie av kjelleretasjen i Skogbrukets hus er ikke tatt med her.

2) Blant anna renteutgifter lån Skogbrukets hus.

BALANSE PR 31.12.2018

		2018	%	2017	%
EIENDELER:					
Omløpsmidler:					
Kassa		15 582		16 664	
DnB		769 584		1 362 097	
Bank		548 696 9)		918 002	
Aksjer/verdpapirer		6 416 899 10)		6 787 025	
Mva til gode		19 131		19 101	
Debitorer		157 393		71 168	
Sum omløpsmidler		<u>7 927 285</u>	55	<u>9 174 058</u>	62
Anleggsmidler:					
Fagerlidal gård og skog	10 000				
Brandsegg	8 000				
Leirbekkmo	5 000				
Norum	5 000				
Samfunnstomta	2 000				
Jønstubakken	500				
Ervik jord og skog	<u>50 000</u>	80 500 3)		80 500	
Hybelbygg	70 000				
Skogly	190 000				
Bergan	280 000				
Skogbrukets hus	<u>5 161 763</u>	5 701 763 3)		5 050 778	
Bardufoss planteskole:					
Bygninger	5 000				
Plastveksthus	<u>30 000</u>	35 000 3)		35 000	
Ervik planteskole:					
Bygninger	<u>135 000</u>	135 000 3)		135 000	
Inventar og redskap:					
Troms skogselskap					
Maskiner og redskap	500				
Inventar, småredskap, fotout	<u>500</u>	1 000 3)		1 000	
Bardufoss planteskole:					
Maskiner og redskap	180 075				
Inventar/kontorutstyr	<u>31 696</u>	211 771 3)		210 231	
Ervik planteskole:					
Maskiner og redskap	1 000				
Inventar	<u>1 000</u>	2 000 3)		2 000	
Andeler	36 025 4)				
Andel "Furuhaugen"	120 000				
Skogfond	68 144	224 169		193 016	
Sum anleggsmidler		<u>6 391 203</u>	45	<u>5 707 525</u>	38
Sum eiendeler		<u>14 318 488</u>	100	<u>14 881 583</u>	100

	2018	%	2017	%
GJELD OG EGENKAPITAL:				
Kortsiktig gjeld:				
M.v.a.	0		0	
Skyldig lønn/feriepenger	98 908		122 011	
Skyldig skattetrekk	24 516		25 451	
Skyldig arb.giveravg.	20 167		5 378	
Kreditorer mm.	245 065		299 808	
Skyldig skatt utleie	20 553 8)		24 564 8)	
Sum kortsiktig gjeld	409 209	3	477 212	3
Langsiktig gjeld:				
Lån Sparebank1 N-N	1 525 781 11)	11	1 631 351	
Sum langsiktig gjeld	1 525 781		1 631 351	
Sum gjeld	1 934 990		2 108 563	
Avsetninger:				
Avsetn.FoU	0	0	0	
Renovasjon skogbrukets	0	0	0	
Avsetn. tidl. år	7 700 000			
Avsetninger brukt 2017	0	0	0	
Sum avsetninger	7 700 000 7)	54	7 700 000 7)	52
Egenkapital:				
Grunnfondet	110 236 5)		109 236 5)	
Fri egenkapital	4 573 262 6)		4 963 783 6)	
Sum egenkapital	4 683 498	33	5 073 019	34
Sum gjeld og egenkapital	14 318 488	100	14 881 581	89

Andselv 31/12/2018
29/03/2019

Geir Kvammen
leder

Leif Evje

Geir Inge Sivertsen

Mari Siljebraaten

Ingrid Krogstad

Revisorene Helberg & Øverås AS
revisor

Terje Dahl
sekretær

Anne-Sofie Jakobsen

NOTER TIL REGNSKAPET

NOTE 1: REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsregnskapet er utarbeidet i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Salgsinntekter

Inntektsføring skjer på leveringstidspunktet.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi dersom verdifallet ikke forventes å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Langsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en spesifisert avsetning for å dekke forventet tap.

Varebeholdning

Lager av innkjøpte varer er verdsatt til laveste av anskaffelseskost etter FIFO-prinsippet og virkelig verdi.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets levetid dersom de har levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 15.000. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader, mens påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

Skatt

Skattekostnaden i resultatregnskapet omfatter både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er beregnet med 28 % på grunnlag av de midlertidige forskjeller som eksisterer mellom regnskapsmessig og skattemessige verdier, samt ligningsmessig underskudd til fremføring ved utgangen av regnskapsåret. Skatteøkende og skattereduserende midlertidige forskjeller som reverserer eller kan reverseres i samme periode, er utlignet og nettoført.

NOTE 2: LØNN

Bokført lønnskostnad består av følgende:

	2018
Lønninger	kr 952 252
Arbeidsgiveravgift	kr 57 387
Påløpne feriepenger	kr 125 104
Arb.g.avg. påløpne feriepenger	kr 6 380
Andre ytelser	kr 270 022
Ref lønn/arb.g.avg/kjøring	kr -
Sum	kr 1 411 145

Gjennomsnittlig antall ansatte: 3

Godtgjørelser/lønn til ledende personer:

Revisor:

Kostnadsført revisjonshonorar utgjør kr 39985

NOTE 3: VARIGE DRIFTSMIDLER

	Bygninger/ eiendommer	Driftsløsøre	Sum
	kr	kr	kr
Bokført verdi 01.01.	5 301 278	213 231	5 514 509
Tilgang i året	650 985	22 410	673 395
Avgang i året	0	0	0
Verdi før avskrivning 31.12	5 952 263	235 641	6 187 904
Årets avskrivninger	0	20 870	20 870
Bokført verdi 31.12	5 952 263	214 771	6 167 034

NOTE 4: AKSJER OG ANDELER I ANDRE FORETAK

Troms skogselskap har pr. 31.12.18 følgende andeler:

	Kostpris
Skogbrukets kurssenter	kr 36 000
Andsvassområdets grunneierlag	kr 25
Sum	kr 36 025

NOTE 5: INNSKUTT EGENKAPITAL

	Saldo 2018	Tilgang 2018	Saldo 2017
Grunnfondet	kr 110 236	kr 1 000	kr 109 236

NOTE 6: ANNEN EGENKAPITAL

	Annen EK	Sum
Egenkapital 01.01.	kr 4 963 783	kr 4 963 783
Årsresultat	kr (390 521)	kr (390 521)
Avsetninger tidligere år tilbakeført egenkapital	kr -	kr -
Egenkapital 31.12.	kr 4 573 262	kr 4 573 262

NOTE 7: AVSETNING FOR FOND

	Saldo 2018	Avsetn. 2018	Saldo 2017
Avsetning til utbygging og utvikling	kr 2 000 000	kr -	kr 2 000 000
Avsetning til skadeforsikring planter	kr 1 000 000		kr 1 000 000
Disposisjonsfond	kr 1 700 000		kr 1 700 000
Forskning og utvikling	kr 3 000 000		kr 3 000 000
Sum	kr 7 700 000	kr -	kr 7 700 000

NOTE 8: SKATT

Troms skogselskap er skattepliktig for den delen av selskapet som omhandler utleiedelen.

Årets skattekostnad fremkommer slik:

	2018		2017	
Betalbar skatt på årets resultat	kr	-	kr	-
Endring utsatt skatt	kr	-	kr	-
Årets totale skattekostnad på ordinært resultat	kr	-	kr	-

Betalbar skatt i årets skattekostnad fremkommer slik:

	2018		2017	
Ordinært resultat før skattekostnad	kr	(146 857)	kr	(151 976)
Anvendelse av fremførbart underskott	kr	146 857	kr	151 976
Endring i midlertidige forskjeller	kr	-	kr	-
Grunnlag betalbar skatt	kr	-	kr	-

Grunnlag formuesskatt

kr	13 711 764	kr	16 385 674
----	------------	----	------------

Skatt, 28% som utgjør betalbar skatt på årets resultat	kr	-	kr	-
Formuesskatt	kr	20 553	kr	24 564
Godtgjørelse på mottatt utbytte	kr	-	kr	-
Sum betalbar skatt på årets resultat	kr	20 553	kr	24 564

Spesifikasjon av grunnlag for utsatt skatt/utsatt skattefordel:

	2018	2017	Endring
Forskjeller som utlignes:			
Anleggsmidler	-250 072	-250 072	0
Varebeholdning	0	0	0
Fordringer	0	0	0
Regnskapsmessig avsetning	0	0	0
Underskudd til fremføring	0	0	0
Sum	-250 072	-250 072	0

Utsatt skattefordel (28%)

kr	-70 020	-70 020	0
----	---------	---------	---

Utsatt skattefordel er ikke balanseført etter god regnskapsskikk for små foretak.

NOTE 9: BANKINNSKUDD

Av selskapets samlede bankbeholdning er kr 315 904,54 sperret på konto for skattetrekk.

NOTE10: BANKINNSKUDD

Avsetningene i aksjer og andre veridpapirer er langsiktige og verken tap eller vinning er realisert.

NOTE11: LÅN I SPAREBANK1 NORD-NORGE.

Lån til utbedring av Skogbrukets hus, Andselv.

	31.12.	Avdrag	01.01
Rest lånebeløp	1 525 781	105 570	1 631 351

SKOGBRUK I TROMS

SKOGBRUKSSTYRESMAKT

Skogbruksstyresmakt er i følge skogbrukslovas §3:

«Departementet er øvste skogbruksstyresmakt. Departementet kan overføre mynde til andre forvaltningsorgan. Statsforvaltaren, fylkeskommunen og kommunen har slikt mynde som følgjer av føresegnene i lova, forskrift fastsett av departementet og andre avgjerder om overføring av mynde.

Dersom saka krev samordning over kommunegrenser, eller viktige nasjonale omsyn tilseier det, kan oppgåver som i eller i medhald av lova er lagt til kommunen behandlast av departementet eller anna skogbruksstyresmakt.

Statsforvaltaren er skogbruksstyresmakt for skog som kommunen eller fylkeskommunen eig.»

Statsforvalteren i Troms og Finnmark

Statsforvaltar Elisabeth Vik Aspaker har hovedkontor i Vadsø. Ho gjekk av som statsforvalter ved årsskiftet.

Assisterande statsforvaltarar har kontor i Tromsø.

Landbruksavdelinga er ei av sju avdelingar hos Statsforvaltaren. Landbruksavdelinga har kontor i Vadsø, Tromsø og på Andselv. Landbruksdirektør Torhild Gjølme har kontor i Vadsø, medan assisterande landbruksdirektør Linn Marstrander har kontor i Tromsø.

På Andselv har Statsforvalter en kontor i Skogbrukets hus.

Landbruksavdelinga - skogfagleg personell

Det skogfaglege personellet er delt med ein fylkesskogmeister i Vadsø, Helge Molvig, og to fylkesskogmeistrar i Troms: Trude Hagen har den eine av desse stillingane, og frå 10. juni vart Asle Lifjell tilsett i den andre. I tillegg er rådgjevar Anne-Sofie Jakobsen på Skogbrukets hus. Ho har oppgåver innafør jordbruk.

Reindriftsavdelinga og Justis- og kommunalavdelinga

Tre frå reindriftsavdelinga og ein frå Justis- og kommunalavdelinga, planseksjonen, har kontor i Skogbrukets hus.

Statsforvalteren skal blant annet

- gi råd og bistand til kommunene
- kontrollere kommunene
- behandle klager på kommunale vedtak innanfor landbrukslovgivningen
- arbeide sammen med andre regionale etater og organisasjoner for næringsutvikling innanfor jordbruk og skogbruk
- arbeide for å nå nasjonale målsettinger for omlegging til økologisk landbruk
- arbeide for å begrense nedbygging av dyrket og dyrkbar jord og skog

Statsforvalteren veileder også kommuner, organisasjoner, næringsaktører, skogeiere og bønder om mulighetene som finnes i det offentlige systemet. Statsforvalteren støtter opp under aktiviteter knyttet til utvikling og bevaring av regionale matkulturer, kunnskapsoppbygging om mat og kunnskap om mat og helse, spesielt rettet mot barn og unge.

Kommunenes ansvar

Kommunen er landbruksmyndighet og har avgjørelsesmyndighet i saker etter jord-, skog- og konsesjonslov, forurensningsloven og flere tilskuddordninger som gjelder jord- og skogbruk. Kommunen skal være en aktiv landbrukspolitisk aktør ved å bruke juridiske, økonomiske og administrative virkemidler.

Kommunale skogfunksjonærer

Dei kommunale skogfunksjonærane har ei viktig rolle i forvaltning og næringsutvikling i skogen. Heilt sidan landbrukskontora vart kommunale 01.01.1994 har det vore ei nedbygging av landbruksetatane.

Landbrukskompetansen har vorte mindre.

Landbrukskontora har òg oppgåver innan motorferdsel i utmark (eit ofte tidkrevjande arbeidsfelt), viltforvaltning med fleire.

Fleire av kommunane har ikkje skogfagleg personell, og skogoppgåvene er lagt til andre tilsette, ofte til ein med jordbrukskompetanse.

I tabellen på neste side er skogbruksfagleg tilsette i kommunane ført opp (merka med *). I dei kommunane som ikkje har funksjonærar med skogfagleg utdanning, er den funksjonæren som har desse oppgåvene ført opp.

Kommunane er ordna etter dei tidlegare skogbrukssjefdistrikta.(Sjå TS 2021, ss 36 – 39).

Tabell - Kommunale skogfunksjonærar 2024

Distrikt I				
Harstad, landbruksveileder	Sørli, Bernhard	1)	9489 Harstad	91 36 64 84
Kvæfjord, landbruksrådgiver	Eggum, Rolf Ingar		9475 Borkenes	93 07 07 46
Tjeldsund, rådgiver landbruk	Rubach, Tone		9440 Evenskjer	96 01 04 83
Distrikt II				
Salangen, skogbrukssjef	Fredheim, Inge *	2)	9350 Sjøvegan	90 02 57 30
Dyrøy, rådgiver næring	Helvin, Stina Johanne	3)	9311 Brøstadbotn	41 19 83 74
Lavangen, teknisk sjef	Albert Pedersen		9357 Tennevoll	90 16 81 27
Gratangen, ingeniør	Johnsen, Torbjørn		9470 Årstein	41 40 97 08
lbestad, landbrukskonsulent	Bunse, Laura		9450 Hamnvik	94 48 41 07
Distrikt III				
Bardu, landbrukssjef	Nygaard, Ingeborg	2)	9360 Bardu	95 08 90 91
Bardu, skogbrukssjef	Fredheim, Inge *		9350 Sjøvegan	90 02 57 30
Målselv, skogbruksleder	Løwø, Frode *		9325 Bardufoss	41 66 97 35
Målselv, skogmester	Hoff, Alf-Rune *		9325 Bardufoss	95 76 45 26
Distrikt IV				
Senja, rådgiver	Lebesbye, Einar		9300 Finnsnes	40 31 78 87
Senja, rådgiver	Hove, Svein Georg	8)		
Sørreisa, fagleder landbruk natur og miljø	Løvaas, Marte Synnøve		9310 Sørreisa	93 26 36 89
Distrikt V				
Balsfjord, landbrukssjef	Jørgensen, Brynjar *		9050 Storsteinnes	96 62 52 21
Tromsø, landbruksfaglig rådgiver	Granmo, Lars Petter *		9299 Tromsø	90 22 65 75
Karlsøy, landbruksrådgiver	Olsen, Roy Helge		9130 Hansnes	77 74 60 43
Distrikt VI				
Lyngen, landbrukssjef	Størseth, Terje *		9060 Lyngseidet	48 07 70 97
Storjord, rådgiver	Figenschau, Marit	4)	9046 Oteren	40 02 88 55
Kåfjord, jordbrukssjef	Olsen, Birger		9148 Olderdalen	47 65 74 31
Nordreisa, skogbrukssjef	Sund, Tor-Håvard *	5)	9510 Alta	93 01 11 34
Skjervøy, kommunalsjef	Lehne, Kjell Ove	6)	9189 Skjervøy	90 93 74 95
Distrikt VII				
Kvænangen, skogbrukssjef	Sund, Tor Håvard *	7)	9510 Alta	93 01 11 34

*Skogutdanna

Merknader tabell kommunale skogfunksjonærar 2024

- 1) Jobber med alle oppgaver innen jord-, skog- og viltforvaltning.
- 2) Bardu og Salangen har inngått et administrativt samarbeid innafør jord- og skogbruk.
- 3) Tilsett nov. 2024 – rådgiver næring.
- 4) Rådgiver i jord-, skog-, fiske- og utmarksforvaltning. Nokre skogoppgåver tar ingeniør (skogteknikkar) Magne Haugstad seg av.
- 5) Frå 1. jan. 2023 vart det inngått ein 5-årig avtale med Alta kommune om at Tor-Håvard Sund skulle arbeide i 10% stilling i Nordreisa. Tor-Håvard er også skogbrukssjef for Kvænangen kommune og alle Finnmarkskommuner.
- 6) Kommunalsjef for teknisk drift og utvikling, med ansvar for skogoppgavene.
- 7) Inngått ein løpende avtale med Alta kommune om at Tor-Håvard Sund arbeider i 5% stilling i Kvænangen.
- 8) Slutta 01.07. 2024. Jobba 10% ut året.

Fylkeskommunens ansvar

Troms Fylkeskommune har ansvar for:

- Parterskap landbruk Troms
- Regionale tilretteleggingstiltak i landbruket
- Videregående opplæring innen landbruk
- Bærekraftig matproduksjon og verdiskaping i nord
- Kompetansenettverket for lokalmat i nord

Fylkeskommunene leder det regionale partnerskapet innen landbruksbasert næringsutvikling, og skal sammen med statsforvalter, Innovasjon Norge, faglag, Sametinget og eventuelt andre aktuelle aktører bruke partnerskapet til å trekke opp de strategiske føringene for næringsutvikling i landbruket regionalt.

Regionalt bygdeutviklingsprogram

- **Overordnet: Regionalt bygdeutviklingsprogram** for Troms og Finnmark 2019-2022
- **Regionalt næringsprogram** for Troms og Finnmark 2019-2022
- Handlingsplan 2019-2022 for Regional næringsprogram
- **Regionalt skog- og klimaprogram** for Troms og Finnmark 2019-2022
- Handlingsplan 2019-2022 for Regionalt skog- og klimaprogram
- **Regionalt miljøprogram** for Troms og Finnmark 2019-2022
- Handlingsplan for 2019-2022 for Regionalt miljøprogram
- **Regionalt matjordprogram** for Troms og Finnmark 2019-2022
- Handlingsplan 2019-2022 for Regionalt matjordprogram
- Alle programmene samlet

Programmene er vedtatt videreført av Partnerskap landbruk.

ULIKE ARBEIDSOPPGAVER – TILTAK

Kystskogbruket



«Kystskogbruket» er et samarbeidsorgan som jobber for at potensialet i skognæringa langs kysten skal realiseres. Alle kystfylkene fra Finnmark i nord til Agder i sør er med. Tre partar inngår i samarbeidet:

Fylkeskommunane (politisk),
Statsforvaltaren (forvaltning) og
Skognæringa Kyst (næring).

Skognæringa Kyst SA er ei overbygning over dei fylkesvise nettverka i skog- og trenæringa.

Kystskogbruket vart danna i 2005 og er i åra etter omtalt i årsmeldingane.

Målet til Kystskogbruket er å firedoble verdiskapinga gjennom at potensialet i skogbruket langs kysten realiseres innen 2040.

Kystskogbruket si andre «Melding om Kystskogbruket» vart vedtatt i alle fylkestinga i Kystskogbruket hausten 2015.» (frå Kystskogbruket.no)



Kystskogbruket sin visjon:

«Kystskogbruket skal være en avgjørende bidragsyter for å oppnå bærekraftsmålene og det grønne skiftet»

• Satsingsområda framover for skognæringa

- a) Klimabidrag og skogproduksjon
- b) Trebruk og trebasert verdiskaping
- c) Infrastruktur
- d) Omdømmebygging, rekruttering og nettverksarbeid

Kystskogbruket - Troms 2024

Leiarane i Troms i dei tre nettverka er:

Fylkeskommunen:	Kjetil Helstad (adm.), Nils Samuelsen (politisk vald)
Statsforvalteren:	Fylkesskogmeister Trude Hagen
Skognæringa Troms:	Frode Vik (leiar)

Skognæringa Troms

Etter å ha lege nede ei tid vart “Skognæringa Troms” gjenstarta i 2023 (sjå TS- 2023, s.38).

Styret - 2024:

Frode Vik, Kvæfjord leiar
Torgeir Frihetsli, Målselv, nestleiar
Arild Kulseng-Hansen, Harstad
Vegard Fjellaksel Pedersen, Tjeldsund
Lars Helge Beldo, Kvæningen
Bitten Hanstad, Bardu, varamedlem

Kystskogkonferansen 2024

Årets Kystskogkonferansen 2024 var i Alta 21. – 23. august.

Innkvartering på Scandic Hotel Alta 21. august med bussavgang om morran 22. august for befarung med fagprogram. Ferda gjekk først til Sautso der Alta demninga og historisk kåseri om «Alta-opprøret» stod først på programmet. Etter fagprogram og dugurd bar det vidare til Finnmark Skogselskap sin eigendom i Borraslia. Etter ein to-timers bolc med fagprogram, drog bussen til bake til hotellet.

Dagen vart avslutta med festmiddag på Sorrisniva – buss tur/retur hotellet.

Etter tretimers fagprogram den 23. var det dugurd og heimreise 1300.

54 deltok i samlinga, ein 8 – 10 av desse var frå Troms.



Frå Kystskogbrukkonferansen 2024. Deltakarane i amfiet inne i fjellet ved demninga i Sautso (foto Tor Håvard Sund).

Emner i fagprogrammet 22.08:

Sautso:

Fagprogram (5 innlegg på 20 min hver):

1. Har påskoginga etter krigen vært en suksess?
ved Kristine Jacobsen, jurist og næringspolitisk rådgiver for NORSKOG
2. Peter Holmgrens rapport om skogsektorens klimabidrag, en wake-up-call?
ved Ole Hartvig Bakke, daglig leder for Skognæringa Kyst
3. Hva sier norsk forskning om skogens klimaeffekter?
ved Gunnhild Sørgaard, forskningssjef i NIBIO
4. Rødliste ved og Fremmedartsliste – hva truer skogens økologi i stort, og hva betyr dette for produksjon av fornybare ressurser?
ved Bjarte Rambjør Heide, direktør i Artsdatabanken
5. Skog og miljø og sånn – er næringa så ille som NRK vil ha det til?
ved Ivar Ekanger, avdelingsdirektør i Landbruks- og matdepartementet

Borraslia

Kl 14.00-16.00 «Svartkjeltimen» i Borraslia

1. Velkommen – orientering om eiendommen
ved Tor Håvard Sund, daglig leder i Finnmark Skogselskap.
2. Sitkagrana – Velsignelse og forbannelse!
ved Helge Kårstad, prosjektleder i Skognæringa Kyst.
3. Politisk debatt: Skal vi bruke skogen eller skal den stå?
med bl.a. Lars Haltbrekken (SV), Odd Erling Mikalsen (FrP) og Kim Andre Haugan Schei (SP).

23.08. Fagprogram på hotellet:

1. Trebruk i bygg – Hva skal til for å øke bruken av tre?
Innlegg ved Joakim Dørum (Green Advisers) og representanter for Statsbygg og fylkeskommunen.
2. Infrastruktur og logistikk for tømmer.
Innlegg fra Skognæringa Kyst og fylkeskommunen

SKOGENS TILSTAND OG VEKST

Vêret mm 2024

Januar – februar.

Årskiftet var i ein tørr og spikkald periode. Ei knapp veke inn i det nye året vart det kalde, tørre vêret avløyst av ei veke med mildvêr, snø og regn. I Tromsø gjekk snødjupna frå 61 cm nyttårsdagen til 93 cm ei veke seinare. Snødekket heldt seg. 20. februar var snødjupna i Tromsø 127 cm. I dei akuelle driftsområda på innlandet var det lite snø. På Bardufoss var det stort sett under 40 cm desse to første månadane av 2024. I Harstad var det noko meir. For fylket under eitt var vêret litt varmare og tørrare enn normalt.

«Den 29. januar ga fønvind rekordhøye temperaturer fra Møre og Romsdal til Troms.» Sørkjosen og Hekkingen noterte nye månadsrekordar for høg maksimumstemperatur med 11,9 og 11,0 gradar. (frå MET. Info januar 2024).

Mars – april – mai

Også mars var tørrare og varmare enn normalt. Mesteparten av nedbøren kom i dagane 16.-19. Første halvdel av månaden, og dagane etter 16.-19., var mest nedbørsfrie.

Ved palmesøndag (24. mars) vart det kjøligare, tørt og fleire netter med under tjue kuldegradar på innlandet. (skrive 4. april). Litt snø 3.april. Før denne kuldeperioden var over 8. april, noterte Bardufoss vêrstasjon – 26,0 gradar 5. april. Dette er det kaldaste som er målt der i april sidan målingane tok til i 1946.

Etter ei litt mildare veke, var det kjølige vêret tilbake. Lite snø, hardt og isate skare.. Det tina ikkje (20/4) Denne litt kjølige og tørre vêrtypen heldt seg til halv anna veke ut i mai.

Frå 11. mai vart det ein liten bolk med varmare vêr: det toppa seg 17. mai med 22, 6 gradar på Bardufoss vêrstasjon, vêrvarslinga i Tromsø målte 20,8, Harstad 21.9 og Nordstraumen 18,1. men allereie 19. mai var døgngjennomsnittet under normalen. Etter nokre kjølige dagar med nattefrost og snø, kom gradestokken igjen over 20 gradar 23. mai. I godvêrsbolken som no fulgte med varmt, tørt vêr over heile fylket, gjekk utviklinga i skogen fort. Some stader vart det meldt om fare for skogbrann.



Andsvatnet 22. mai 2024.



Andsvatnet 29. mai 2024.

På Bardufoss vårstasjon var det over tjue gradar dei seks siste dagane i mai. Varmast vart det den 30. med 27,3°C. I Skibotn noterte vårstasjonen 29,1°C den 29. mai. Dette er tangering av rekorden for Troms frå Dividalen II 31.05. 2013 (Met.info for mai). Det vart sett mange rekordar for maksimumstemperatur for mai på vårstasjonane i fylket, dei fleste 30. mai: I Harstad med 24,7, Tromsø 26,6, Torsvåg fyr 22,4, Sørkjosen lufthamn 24,5, Nordstraumen i Kvænangen 27,8 med fleire.

I Tromsø var det snøbert ved målestaven 9. mai.

Juni kom med eit lite fall i temperaturen, med etterlengta regn innimellom, og det varme vêret heldt seg (10/6). Det vaks godt i skogen. Både bar- og lauvtre strekte seg, og blomstra.

Juni var varm med ein middeltemperatur rundt 3 gradar over normalen. På fleire av målestasjonane vart det ny juni-rekord for høg månadsmiddeltemperatur. Dividal II og Skibotn målte begge 13,7°C. (Bardufoss noterte 14,1, men det var ikkje månadsrekord). Nedbøren varierte i hovudsak frå tørt i sør til vått i nord, medan midtfylket låg nær normalen.

Julivêret held stort sett fram i same spor (10/7) – tørr og varm. Vårstasjonane på Bardufoss og Nordstraumen målte over 30 gradar Bardufoss 30,0 den 21. og Nordstraumen 30,8 den 23. juli. Den gode veksten heldt fram (10/7), men i tørraste laget i Indre Troms.

August

Medan nedbøren i sør og midtfylket var over normalen i august, var det særst tørt i indre stork i nordfylket.

August vart rekordvarm. I meteorologisk institutt sin klimaoversikt for august 2024, er lufttemperaturen i Troms klassifisert som «ekstremt varmt» (<https://www.met.no/publikasjoner/met-info>): «De to fylkene Troms og Finnmark registrerte den varmeste august-måneden med henholdsvis 3,9°C og 4,7°C over normalen. De gamle rekordene var henholdsvis 2,4°C over normalen fra 1930 og 3,3°C fra normalen fra 1937.»

På fleire stasjonar vart det sett rekordar for høg månadsmiddeltemperatur. Høgste notering var 16,7°C i Skibotn II, Sørkjosen lufthamn og Nordstraumen i Kvænangen. Harstad fekk 15,9. Bardufoss 15,7 og Tromsø 15,5°C.

September

September var tørr og varm/ekstrem varm (Meteorologisk institutt: Klimatologisk månedsoversikt – sept.). Mange vårstasjonar noterte rekord for høg månadsmiddeltemperatur. Fleire fekk ny rekord for maksimumstemperaturar.

9. september vart det i Harstad målt 25,9 gradar. Det er òg ny fylkesrekord for Troms (Same dag noterte Tromsø sommardag nummer 37 i år (iflg. Nordlys)).

Den gamle fylkesrekorden var 23,7°C, som første gang vart målt 01.09.1938 på 89300 Fagerlidal i Målselv og tangert 02.09.1958 på 89350 Bardufoss (Målselv). (frå Klimaologiskoversikt). (Stasjonen på Fagerlidal låg på skogselskapet sin eigedom. Skogselskapet var aktivt med for å få ein stasjon i Målselv). Han var i drift frå 1. august 1933 til 30. april 1941).

Første frostnatta på Bardufoss vêrstasjon kom 14. september med $-0,3^{\circ}\text{C}$, neste 23. sept. med $-2,8^{\circ}\text{C}$. Gradestokken fall under normalen, og held seg her ei veke ut i oktober til vi fekk kaldaste natta på Bardufoss vêrstasjon med $-11,4^{\circ}\text{C}$. 8. oktober.



Planteskolen 29. oktober 2024.

Første snøen la seg i låglandet 29. oktoberer. (Bilde planteskolen). Eit par dagar etter var det kvitt frå dalbotn og til fjells. Snøen vart borte i låglandet, men vart stort sett liggande frå midtlies til fjells på innlandet.

Oktober

Frå 20. september falt døgnmiddeltemperaturen under normalen og held seg der til 9.okt. da vi fekk ein lang varm periode til oktober å vere.

18. okt. målte vêrvarslinga i Tromsø + 13,8 som er det høgste som er målt i Tromsø så seint i oktober. Same dagen målte dei i Harstad + 14,1; +13,7 på Bardufoss, +16,4 i Skibotn og +12,6 i Nordstraumen i Kvænangen.

Temperaturen heldt seg over normalen. Frå 28. var nedbøren mykje sludd og snø med minusgradar om natta. Snøen låg over fylket. Oktober gjekk ut med 15 cm snø på Bardufoss.

Sommardagar vekstsesongen 2024

Sommardagar - ein sommardag har minste temperatur på 20 gradar eller over. I år vart det rekordmange slike. Nedanfor er talet på sommardagar sett opp for nokre av vêrstasjonane til Meteorologiske institutt (MET info 2024). Vi (TS) har sjølv summert tala, så feil som måtte vere komne med er på vår kappe.

Dagar => 20 °C	mai	juni	juli	aug	sep.	Vekstssongen
Harstad	5	7	13	12	5	42
Bardufoss	8	11	21	21	9	70
Dividal	8	13	21	12	4	58
Skibotn	7	11	16	21	8	63
Tromsø	4	8	9	12	7	40
Sørkjosen	2	9	-	18	9	-
Nordstraumen	1	9	12	19	7	48

November frå djupsnø til nær tropenatt – ein månad med vêrrekordar.

«MTI: Klimatologisk oversikt – november 2024» klassifiserer nedbøren i Troms stort sett som «svært vått til ekstremt vått» og lufttemperaturen som «varmt». Det vart ein månad der fleire vêrstasjonar noterte månadsrekordar både for nedbør og temperatur. Før snøvêret gjekk over til regn, var snødjupna 4. nov. auka til 50 cm på Bardufoss, i Harstad 33, Tromsø 47, Skibotn 16 og Nordstraumen i Kvænangen 14 cm – altså bra snødekke over heile fylket, men mest ikkje tele. (4/11).

To varmetoppar 8. og 13. november.

Snøen tina raskt i mildvêret. I låglandet var han stort sett borte ei veke ut i november. Fram til 20. var det mildt, regn og mykje bermark. I desse dagane var det to varmetoppar, 8. og 13. november.

Den 8. målte vêrstasjonen i Skibotn +16,4, Sørkjosen +16,4, Nordstraumen i Kvænangen +15,6 Harstad +12,7, Bardufoss 12,6, Dividalen 13,9, Tromsø +11,4.

Etter eit temperaturfall kom ein ny topp 13. november. Høgste maksimums-temperatur var 18,5°C, og vart registrert på 91150 Lyngen – Ura. Dette er ny fylkesrekord for Troms fylke. Det er andre gangen en værstasjon i Troms er varmest i landet i november når vi ser på perioden 1957 til 2024. Nordstraum i Kvænangen var varmeste værstasjon i november 1985. (MET info nov. 2024).

Den 13.målte. Harstad 11,0 Bardufoss 12,0 Dividal 12,4, Skibotn 15,4 Tromsø 11,2, Sørkjosen 15,5, Nordstraumen 13,5

«Nordlys» skriv 14. nov. «Rekord i Nord-Troms: 1,5 grader fra tropenatt. – Det gikk hett for seg i løpet av natta.

Aller høyeste temperatur ble registrert på stasjonen Lyngen-Ura. Her ble det målt hele 18,5 grader natt til onsdag (13.nov, red,m). Det er 1,5 grader fra tropenatt.

-Varmegrader kl. 02 i natt. Det er årsrekord og varmest i landet, skriver Meteorologisk institutt på X.

Ifølge dem ble det registrert over 15 varmegrader en rekke steder i nord gjennom natten, før temperaturen begynte å synke utover morgenvisten.»

Vidare frå 13. nov.:

Allereie dagen etter fall temperaturen mykje, og nedbøren auka kraftig, blanding med regn, sludd og snøbyger. På innlande var det kvitt på marka den 13?

Flaumen under den sterke snøsmeltinga vart no følgd opp av ny flaum og utrasingar. 21. var det kalt. På vêrstasjonen på Bardufoss – 18 grader, og nedbøren kom som snø.

Des.

Dei første dagane etter månadsskiftet november/desember snydde det mykje. Snødjupna på Bardufoss og Harstad kom over halvmeteren, på Vêrvarslinga i Tromsø 91cm 4. des. (rekord?).

Med nokre dagar utan nedbør, vart snømengda stort sett halvert. Det vart lettare for dei få juletrehoggarane å kome seg fram, men det stod ikkje lenge på.

I dagane elevte til tolvte desember fall døgnmiddeltemperaturen under normalen over størstedelen av fylket, og vi fekk ein bolk med tørt og kaldt vêr som varte fram til julaftan. Romjula var mild med nedbør kvar dag.

Snøjupne 31. des. Harstad 8 cm, Bardufoss 52, Tromsø 74, Skibotn 45 og Nordstraumen 8 cm.

Varmaste året som er registrert i nord.

MET info for året 2024 skriver (s.8):

«I alle de tre fylkene i Nord-Norge ble 2024 det varmeste året som er registrert. De nye rekordene er avvik på +1,3°C i Nordland, og +1,5°C i både Troms og Finnmark. De gamle rekordene var fra henholdsvis 2020 i Nordland og 1938 i Troms og Finnmark.»

Vêrtabell 2024

2024	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES	ÅR
						TEMPERATUR							
Harstad	-3,2	-1,2	0,8	1,4	8,5	13,1	15,3	15,9	11,3	5,2	2,3	-0,7	5,7
Normal	-1,8	-2,2	-0,7	2,4	6,6	9,9	13,2	12,4	8,9	4,3	1,4	-0,5	4,5
Bardufooss	-11,6	-6,6	-2,4	-1,1	8,6	14,1	16,6	15,7	9,6	2,5	-1,1	-6,9	3,1
Normal	-9,7	-9,1	-5,1	0,6	6,0	10,7	13,7	12,3	7,4	0,8	-4,7	-7,8	1,2
Tromsø	-4,0	-2,5	-0,4	0,4	7,1	12,4	14,3	15,5	10,4	4,7	-1,3	-2,0	4,8
Normal	-3,0	-3,3	-1,9	1,2	5,5	9,4	12,3	11,3	7,8	3,1	0,2	-1,7	3,5
						NEDBØR I MM							
Harstad	145	108	43	15	58	17	45	80	51	177	176	182	1099
Normal	129	95	100	53	44	39	55	58	77	94	78	90	909
Bardufooss	60	36	14	13	60	38	25	79	39	97	152	136	749
Normal	69	59	62	34	34	46	63	65	71	72	56	73	704
Tromsø	178	87	46	38	61	50	34	121	86	142	322	185	1350
Normal	108	97	97	71	57	58	73	88	111	127	94	110	1086
						SOLTIMAR							
Tromsø	1,1	34,5	108,5	276,9	183,8	226,2	285	204,5	124,7	33,3	0,3	0	1274
Normal	3	32	100	162	216	231	218	159	103	57	7	0	1288
						SNØDJUPNE CM							
Tromsø						Snøfritt 9. mai.							
Normal	60	82	94	91	29					5	18	40	
Største snødjupne	36	127	103	97	37					10	59	91	
Dato	9.	20	18	3	1					31.	30.	4.	

Troms skogselskap og egne notat. Data om soltimar i Tromsø (månadlege og normalane) er henta frå Norsk Klimaservice Senter (KSS). Avskrivingsfeil kan førekome, og må tilskrивast utgjevaren av denne årsmeldinga.

Skogtilstanden

Det er hogd mykje i granfelta i år. Høge prisar på tømmer har gjeve utslag. I sør troms har ferdigstilte takstar vore med å auka interessen for hogst. Skogeigarane har sett at her var det pengar å tene. Investeringar i skogen har gjeve god avkastning. Vi treng gode døme på det.

fleire felt er hogd for tidleg. Til inntekt for nokre av driftsapparata, men diverre tap for skogeigarar som har seld virket rett før, og i dei åra, der verditilveksten ville vore på det høgste. - No gjeld det at foryngingsplikta vert følgd opp.

«Vårt mål bør være: Selvhjelpen med skog i Tromsø amt.» (Beretning fra Tromsø Amts skogselskap for aaret 1915). Dette målet må vi halde på og ikkje skusle vekk.

Skogens vekst

Lauvsprett

I eit kjølig vår gjekk utviklinga sakte. I Fagerlidal såg vi det grøne i heggeknoppane i månadsskiftet april/mai, osperaklane strekte seg, og på nokre småbjørker var det grønskin i knoppane. Dei varme dagane rundt 17. mai hjelpste godt på. Ved Skogbrukets hus vart det musøyre stort lauv på bjørka, lauvet på rogn og older falda seg ut. Lauvet på hegga var sprunge ut til 17. mai.

Bjørkeskogen grønast. Få dagar etter 17. mai var det parti med lysegrøn bjørkeskog oppetter dalen, og 25. mai må vi kunne seie at bjørkeskogen mellom anna rundt Andselv var grøn. Ved Andsvatnet få dagar seinare. Opp i høgda hong det etter, men de gjekk det fort «oppover».

Sist i mai var furuknoppar i full strekking, og grana følgde etter få dagar over månads-skiftet.

Frå Kvæfjord skriv Leif Evje «17. mai blei en godværsdag med temperaturer over 20 grader. I lavlandet blei bjørkeskogen fulllauvet i løpet av dagen. Og det var synlig sprett i bjørkeknopper helt opp til 250 moh. På osp begynte knoppene å åpne seg».

Vekst

Det vaks godt i det varme junivêret.

Gran og furu nedanfor Skogbrukets hus.

Bestandet ligg 30 meter frå skogselskapet sitt kontor. I dei siste åra har vi notert toppskotlengda på grana her. Sjå TS-2013, s. 43).

Grana nedanfor Skogbrukets hus kom tidleg i vekst. Mange av dei blomstra rikeleg. I månadsskiftet juni/juli (1. juli), var dei lengste toppskota på grana 25 – 30 cm. Same toppskotlengda haddde òg furua her. Furu blomstra òg rikeleg (3/7).

Dette utgjorde ein monaleg stor del av årets lengdevekst i dette bestandet.

Veksttilhøva i juli var òg gode, men med klåre unntak for særskild lite nedbør i Indre Troms. 2024 vart eit godt vekstår i skogen.

Haut

Midt i september såg ein i dei første hautfargane, og skogen ga seg god tid. Lauvet hang lenge på, det var mykje lauv midtliks da elgjakta tok til, og vi kom godt ut i oktober før mesteparten var foren.

Frå Kvæfjord skriv Leif Evje «Omkring 20. oktober var alt av bjørkelauv borte og det var bare enkelte seljer som hadde gult lauv som var synlig på lang avstand.»

Skogtreas blomstring og frøsetting

Varmvêret dei siste dagane av mai, fekk fart på blomstringa.

Oppstillinga nedanfor er i hovudsak frå Midt Troms. I tillegg er det tatt med opplysingar frå Leif Evje sine notat i Sørfylket (Kvæfjord).

Bartre

Gran – i månadsskiftet mai/juni. Innlandet.

Einskilde raude hoblomstrar kunne sjåast sist i mai. På ein tur i Blåbergskogen 30. mai var det ein del hoblomstrar her òg, men hannblomstrane hang litt etter.

Frå Kvæfjord:

7. mai var det synlige knopper av hannblomster på et sørvendt grantre i Eldeskogen.

26. mai - De første hoblomster på gran blei synlige, og det ser ut til å kunne bli et rikt kongleår på gran og sitka/lutzi.

28. mai var det det kraftig pollenfall på gran i lavlandet. Det blei synlig belegg på utemøbler og flere rapporterte om store mengder pollen på vann.(Kvæfjord).

Furu - Vi kunne sjå hoblomstra i toppen av furua få dagar ut i juni, og 7 juni var det mykje på enkeltstående tre.. Kvæfjord – pollenfall furu 9. juni.

Lauvtre

Selje – litt sein, men etter kvart mykje raklar/gåsungar, både han og ho. – mai.

Older – pollen siste halvdel av april (første 18. april).

Osp – mykje hanrakla å sjå før midten av mai.

Bjork – tidleg blomstring – pollenspreiing observert 26. mai.

Hegg – blomstring frå 27. mai.

Kvæfjord 29. mai – full blomstring på hegg i Borkenesmarka.

Rogn – først i juni, den 4. var dei fleire tre i blomstring rundt Andselv.

Kvæfjord – 6.juni.

Blomstring (rapportert frå skogfunksjonærar):

	Sanke- område Høgde- lag	Dato for pollenfall Gran	Blomst- rings- styrke Furu	Tilgang på konglar			Merknader
				Gran	Furu	Andre treslag	
Distrikt I Sør Fylket	W/Y-1	28. mai.	3	3	2	Sitka/lutzii 2 Hegg 3 Rogn 3	28. mai -kraftig pollenfall på gran 9. juni pollenfall furu Hegg blstr. 29. mai Rogn blstr. 6. juni Berre reistreringar frå Kvæfjord
Distrikt II	X-1	-	1	2	2		
Distrikt III (Målselv og Bardu)	X/Y-1	31. mai	2	3	1 – 2	Dunbjørk 1 Rogn 1 Hegg 2 Older 2 Osp 3 Selje 3	Pollenfall furu 26.06. Lite rognebær Lite heggebær
Distrikt IV Senja	Z-1	Ca. 4.juni	-	2	1	Hegg	Pollenfall furu – ikkje registrert. Blomstring Finnsnes 29. mai
Distrikt V Balsfjord	Y	20.06.	2	3	2	Lutzii Rogn 3	Furu – fleire med parvise kongler. Mykje konglar på gran, òg på unge tre. Godt med blomstr. på lutzii – h.kl. 3. Aursnes
Distrikt VI	X-1	-	-	-	2	-	Distrikt VII Kvæningen

Kode: 0: ingen, 1: dårlig (svak), 2: god, 3: mykje god, 4: svært god. -: ikkje registrert.

Kongleprøvar – konglesanking

Frå Årsmelding skogbruk - Målselv kommune 2024:

«Det var for lite modne kongler for å sette i gang kongleplukking. Området som ble sjekket ut var Alapmoen.

Det er behov for mye furufrø i årene som kommer, derfor er det viktig at vi får meldinger om hogst og tynning i furuskog, slik at vi kan sanke inn kongler.»

På nyåret 2025 fekk Målsev kommune så melding om at det var aktuelt å sette i gong hogstar i eit par furuområde. Skogetaten i Målselv synfarte dei aktuelle områda og fann at her kunne det vere kongler å hente. Kongleprøve vart samla og sendt til Skogfrøverket for analyse.

7. februar 2025 kom det svar frå frøverket. Seniorrådgjevar Øyvind Meland Edvardsen skriv: «Kongleprøven fra Brorstad har en røntgen% på 97 og frøutbytte på 1,39 g pr kg. Det er veldig bra.»

Kongleplukking

Sommaren 2024 ga store og fine konglar, og det vart plukka på Nodmoen utetter etterjuls- og vårvinter 2025.

Om plukkinga skriv skogbrukssjef Frode Herje Løwø til Skogfrøverket 17. februar 2025:

«Hei,

Det ser ut som om det bare er enkelttrær med mye og store kongler. Steinar sier at det er mye 1.årskongler, slik at det kan bli kongler til neste år også.

Stenar har plukket ca 3 sekker til nå.

Furuhogstene i Rundhaugområdet kommer sikkert til å strekke seg utover mye av vinteren/våren.

Jeg tenker det ikke er grunnlag for å sette på mange plukkere nå, vi satser på at $\leq \div \div \div$ Steinar plukker. Med jevn plukking nå utover vil det bli en del til slutt. Om vi kommer til områder med ekstra mye kongler får vi finne flere plukkere. Steinar følger dette opp.

Frode L.»

(Stenar Alm har arbeidd i Landsskogtakseringa før han vart pensjonist for nokre år sidan har han vore planteleiar mm. ved skogkontoret i Målselv).

Skadar på skogen

Bortsett frå lauvmakkåttaka i Sør-Fylket var det lite skogskadar. Skogkontoret i Målselv skriv «Det er ikke registrert noen form for skogskader i 2024.»

Insekt

Lauvmakk

Observasjonar frå sørfylket. Leif Evje rapporterar:

«I begynnelsen på juni så en de første tegn på lauvmakkangrep.

På rogn og bjørk fant en larver av blek høstmåler (*Operohtera fragata*). Særlig på rogn var de tidligste bladene oppspist av larvene.

Etter hvert kom det meldinger i aviser og sosiale medier om lauvmakkangrep flere steder i sørfylket.

Det gikk kort tid før en god del larver slapp seg ned på bakken og krøp opp andre steder på jakt etter næring og det blei produsert mye spinn. 25. juni var det regn og sørvest kuling som nok fjernet mye larver fra vegetasjonen.»

«Selv om det var store angrep av lauvmakk i hele kommunen, var det forholdsvis lite sverming av voksne spinnere å se om høsten, så kanskje blir det mindre angrep til neste år.»

Dyrøy

«På hyttetur i Dyrøy vart det observert lauvmakk kravlande på hytteveggen.» (rapportert til landbrukssjef Brynjar Jørgensen).

Vanleg furubarveps

Tjeldsund 19.08. 2024. (Rapportnummer 24213. i Skogskader.no).

Denne skaden er tatt frå «skogskader.no». Til denne nettstaden kan alle rapportere observerte skogskadar. NIBIO har det faglige ansvaret for skogskader.no og kvalitetssikrar alle innsende rapportar.

Vi ser gjennom skadar som er rapportert - og kvalitetssikra – hit for å sjå om det er noko frå Troms. I år var furubarveps den einaste innrapporterte frå Troms. Ein liten forekomst.

Klima

Flere episoder med sterke vinder reiv av mye nye skudd og bar på granskogen.

Skogsbær

Eit særst godt bærår fylket sett under eitt. Det var nær sagt bær overalt. Nokre stader litt tørt i ein varm, god sommar.

Blåbær var det rikeleg av, men med lite nedbør vart det i tørraste laget etter kvart slik at bæra fleire stader vart småfallen.

På innlandet var beste plukketida for tyttebær litt over månadskiftet september/oktober.

Der det var bring, var det mykje bær å finne, Også villrips hadde eit godt år.

«I alle områder som hadde lauvmakkangrep blei det helt fritt for blåbær og tyttebær. Men oppe i skogbandet og delvis på snaufjellet var det rikelig med blåbær og krøkebær.» (L.E. Sør-Fylket)

Ikke problem med å finne bær, men færre plukker. Mindre bær i låglandet pga manglande hogst, må høgare opp. Sikraste plassar for tyttebær har etter kvart blitt i kraftlinjegatene. (V.J. Storfjord).

Molte

Eit moderat år for molte, godt under fjorårets til dels rike førekomstar.

Tidleg, før 1. juni, og god blomstring på Storfjorda. Har begynt å knyte seg 12. juni, plukking frå ???, over middels. (Kritsan Karlsen, Storfjorda).

Moltebær var veldig variert, men var nok best på seine plasser og opp i høydene. (L. Evje, Kvæfjord)

Eit normal år- plukka 40 – 50 kg frå 300 meter og oppover til 600 m. (Viggo Johansen, Storfjord).

Tranebær


I år er det meldt inn plukking av tranebær. På einskilde myrer var det godt med tranebær «myra var nesten rød av tranebær. Plukka 4 – 5 liter. Også mykje molte». (Oddvar Brenna frå Senja).

Sopp

Eit bra soppår.

Mot slutten av ein varm og tørr sommar var det ikkje dei store førekomstane av dei vanlege matsoppene, men det retta på seg etter kvart. I indre Troms vart det eit godt soppår med både kantarell og piggsopp og fleire med.

«Til tross for tørr sommar, var det mulig å finne kantareller allerede tidlig i august. Det blei en høst med mye matsopp». (L.Evje, Kvæfjord).



I 2024 vart det felt 1898 elg i Troms mot 1887 i 2023. Dette er høgste talet på felte elg som Statistisk sentralbyrå har registrert.

Fellingsprosenten for Troms var 82. (Tal frå Statistisk Sentralbyrå 21. mars 2025).

Det var mange elgpåkøyrslar førjulsvinteren. I djup snø vert vegane lettare å fare på. Når dette òg fell saman med at elgen trekker mot innlandet, oppstår det mange trafikkfarlege situasjonar.

Usikker is er farleg både for folk og fe. Sist i desember drukna 8 elg i Målselva i området ved Rundhaugen. Først var det 5, og så 3 litt lenger bort nokre dagar seinare. Viltneimnda rykka ut saman med brann og redning frå Bardufoss.

Elgmerkeprosjektet i Midt-Troms 2024 – 2025

Landbrukssjef Brynjar Jørgensen i Balsfjord har skrive dette samandraget:

«Norsk institutt for Naturforskning (NINA) har igangsatt et elgforskningsprosjektet i Midt-Troms i samarbeid med Troms fylkeskommune, Statskog SF og kommunene Bardu, Målselv, Salangen, Lavangen, Dyrøy, Sørreisa, Senja og Balsfjord. Elgene skal merkes med gps-sendere og noen få kamerasendere. Elgmerkingen skal foregå i de overnevnte kommunene.

Målet med prosjektet er å se på:

- Trekkmønster og områdebruk
- Beiteatferd, beitetilbud og beitetrykk
- Kalveproduksjo:
- Dødelighet utenom jakt
- Sett merkaelg – oppdagbarhet under jakt
- Parasitter

I perioden 22.2.2024 til 25.2.2024 ble det merka totalt 27 elger, herav 18 elgkyr og 9 okser.

Merkingen foregår fra helikopter. Innfanging, merking og metoder knyttet til dette arbeidet er godkjent av Miljødirektoratet og Mattilsynet.

Det ble merka 13 elg i Målselv, 11 elg i Bardu, 1 elg i Salangen og 2 elg i Senja (på øya). Posisjonene til de merka elgene kan sees på nettstedet <https://www.dyreposisjoner.no/>. Det ligger inne en 14 dagers forsinkelse i posisjonene til elgene, så de kan ikke følges i sanntid av «publikum» på nettstedet. Det planlegges også merking av like mange elg i 2025. Totalt skal det merkes ca 50 elg.

Under jakta høsten 2024 ble det skutt 2 av de merka elgene, herav 1 i Målselv og 1 ved Torneträsk i Sverige.

Flere av de merka elgene har også vært inne i Nord-Sverige i kortere eller lengre perioder.

2025:

I perioden 17.2.2025 til 22.2.2025 ble det merka totalt 27 elger.

Det ble merka 3 elg i Målselv, 2 elg i Balsfjord, 3 elg i Lavangen, 3 elg i Dyrøy, 5 elg i Senja (herav 1 på øya), 2 elg i Sørreisa, 4 elg i Salangen og 5 elg i Bardu/Salangen (Bones/Salangsdalen/Sjøvegan.)»

Småvilt

Rype

Oppgang i rypebestanden over heile fylket.

Statskog sine telleresultat frå Troms synte høg kjuklingproduksjon iflg. avisene.

«Rypebestanden var forholdsvis god og det blei et år med god kyllingproduksjon både for lirype og fjellrype». (Leif Evje, Sør-Troms).

Skogsfugl

«Orrfugl var også jamt god og litt spesielt var det at fra seinhausten trakk mye orrfugl ned mot bebyggelsen. Daglig kunne en se orrfugler som satt og beita på bjørkeknopper.» (Sør Troms).

Små bestand av rype og skogsfugl i Storfjord.

Vår rapportør i Storfjord, tidlegare skogmeister og leiar for Troms skogselskap, Viggo Johansen, har ikkje jakta dei siste åra, og heller ikkje i år. Han meiner at bestandane av rype og skogsfugl er så små at det ikkje er jaktbart overskott. Jegrane i dag er i tillegg effektiv med godt utstyr og gode hundar. Det var litt betre med fjellrype enn lirype.

Hare

Harebestanden er fortsatt høg.

SKOGBRUKSAKTIVITET 2024

FLEIRSIDIG SKOGBRUK

Skoglova slår fast at skogeigar har forvalteransvar for sin skog, og er ein lov som gir Skogeigar frihet under ansvar. Det er eit omfattande og til dels krevande regelverk å halde oversikt over.

Skoglova § 4. Skogeigaren sitt forvaltaransvar

Skogeigaren skal sjå til at alle tiltak i skogen blir gjennomførte i samsvar med lov og forskrift. Skogeigaren skal ha oversikt over miljøverdiane i eigen skog og ta omsyn til dei ved gjennomføring av alle tiltak i skogen. Slike omsyn kan føre til at nokre tiltak i skogen ikkje kan gjennomførast. Innafor desse rammene står skogeigaren fritt til å forvalte skogen ut frå egne mål.

Skogeigaren skal sjå til at dei som gjer arbeid i skogen rettar seg etter lova og forskriftene. Departementet kan gi nærare forskrifter om omsyn skogeigaren skal ta i høve til miljøet.

SKOGKULTUR

Det var ein nedgang i nyplantinga i år. Det vart planta 1616 da (tabell 1) i år, mot 2284 da i 2023. Det var nyplanting i 6 kommunar. Om lag 80 prosent av plantinga var i Målselv. Ungskogpleia gjekk opp frå 523 da i 2023 da til 738 da i år.

I årsmeldings for 2024 skriv skogetaten i Målselv:

«I forhold til tilgjengelig tilskudd har aktiviteten økt betydelig. Hovedfokuset har vært planting pga lite tilgjengelig tilskudd, dette for å sikre den vedvarende ressursoppbyggingen og CO₂-fangst. Klimatiltaket «tettere planting» har gitt en fin ekstramulighet som vi har tatt godt vare på. Dette ga oss mulighet til å få stelt plantefelt og stamme-kvisting og dermed sikre bedre kvalitet.»

Det er ikkje berre finansieringa som begrenser aktiviteten.

Mangel på skogfagleg kompetanse og kapasitet i kommunane gjer at skogeigarane ikkje får rettleiing om skjøtselsbehov og moglegheiter på eigen eigedom. Det er få kommunar som bidreg til organisering av skogkulturaktivitet.

Statsforvaltaren har årlege møte før sesongen med dei som arbeider med skogkultur i kommunane. Målet er å få oversikt over planar, arbeidskraft mogleg samarbeid mm.

I år var følgande emne set opp. Møtestad på Skogbrukets hus.

- Oppsummering av aktiviteten i 2023 v/Statsforvalteren
- Plantebeholdning, plantepriiser v/Bardufoss planteskole
- Fakturering av planter v/Troms skogselskap
- Orientering fra hver enkelt kommune om klarert areal, plantebehov og tilgang på arbeidskraft.
- Andre forhold som ønskes tatt opp.

SKOGSDRIFTA



Hogst av gran i Fuglhaugen, Nymo i Målselv. Skurtømmer leveres til Dividalsbygg AS.

Driftsforholda

Vinteren 2024 var det lite tele i marka, men greie driftsforhold. På indre strøk lå snøen til april. Det var veldig tørt i marka sommeren 2024 og relativt gode driftsforhold.

I slutten av november kom det snø som ble liggende på telefri mark. Det ble lite snø, men greie driftsforhold før årsskifte.

Avvirkning

Til salg og industriell produksjon

Ifølge oppgaver* fra kommunene er det hogd 55 446 fm³ virke for salg og industriell produksjon (tabell VIII). Av dette salgskvantumet utgjør:

- Gran: 15 084 fm³
- Furu: 3 123 fm³
- Lauvtre, rundvirke: 200 fm³
- Brenselsflis: 36 093 fm³, hvor av 3 877 fm³ er oppgitt til å være bartreflis
- Ved til brensel: 946 fm³**

*Grunnlagsdataen er henta fra virkesdatabasen. Tall for omsetning av ved til brensel er kun det som er rapportert i virkesdatabasen.

** Trolig underrapportert, korrekt salgskvantum antas å være ca 15-20 000 fm³

Bartrevirke og lauvtrvirke som ikke er skurtømmer er stort sett fliset til industrivirke eller biobrensel.

Tynning

Det er gitt kr.50 200,- tilskott til tynning av 158 dekar hos 2 skogeier i 2 kommuner (tabell VII). Det er også gitt tilskott til tynning og forhåndsrydding før tynning fra midler til drift (tabell XI)

Avsetning

Avtakere for virke i fylket er i hovedsak biobrenselanlegga, Finnfjord AS og vedprodusenter. Det er 7 større biobrenselanlegg basert på flis i fylket som har hatt produksjon i år.

Disse er:

- Statkraft varme i Harstad (Statkraft varme)
- Trondenes leir i Harstad (Bioenergy)
- Forsvarets varmesentral på Setermoen i Bardu (Forsvarsbygg)
- Skjold leir i Øverbygd i Målselv (Norsk biobrensel)
- Bardufoss/Rustad leir i Målselv (Norsk biobrensel)
- Solør bioenergi på Storslett i Nordreisa (Solør bioenergi)
- Bardufoss flyplass (Solør bioenergi)

Finnfjord AS bruker grov treflis i produksjonen. Leverandør av virke i år var Norsk biobrensel med Hilma entreprenør AS som underleverandør.

Avsetningen for vedvirke har vært godt. Vårt inntrykk er at vedproduksjonen i 2024 var tilsvarende 2023, men statistikken fra kommunene viser en kraftig nedgang i hogst av brensel ved for salg.

Bioenergi

Ingen nye anlegg i Troms og Finnmark i år.

Virkeskjøpere

Omsatt virke for salg i fylket registreres i virkesdatabasen. Innmeldt virke skjer ofte når virket er transportert med tømmerbil eller flisbil. Innmeldt virkesvolum avviker trolig noe i forhold til hogd volum (tabell VIII) særlig for «ved til brensel». For «ved til brensel» skyldes dette at mange skogeiere og enkelte entreprenører som hogger ved til brensel for salg ikke melder volumet inn i virkesdatabasen.

Det er et visst etterslep på innrapportering av virke, spesielt på virke som går til brensel flis og ved til brensel. Virkesforbruket til biobrenselanleggene i Troms pluss Evenes lufthavn summeres til ca 54 680 fm³ (Se avsnitt under Brensel flis). Innmeldt volum for barte og heltreflis tilsvarer virkesforbruket til biobrenselanleggene. I tillegg kommer virkesforbruket til Finnfjord AS på ca 17 000 m³ og vedprodusentene på ca 15-20 000 m³.

Virkesforbruket er vesentlig høyere enn innrapportert virke. Årsaken er trolig at noe av volumet ikke er rapportert til virkesdatabasen samt at noe er «importert» til fylket. Tabellen under viser oversikten over innmeldt virke til virkesdatabasen i 2024 fordelt på virkeskjøpere og sortiment.

Tabell over virkeskjøpere og innmeldt volum (fm³) i virkesdatabasen for 2024

Virkeskjøper	Bartre	Heltreflis Gran	Heltreflis Furu	Heltreflis Lauv	Lauvtr e (mv)	Vedvirk e	Sum
Allskog	16700	-	-	-	44	-	16744
Hilma entreprenør	-	533	2471	26 858	-	-	29862
Fagerhaug maskin	301	701	172	3569	-	-	4743
Larsen skogsdrift	319	-	-	508	-	265	1092
Kongsli	-	-	-	842	-	-	842
Div entreprenører	684	-	-	40	-	383	1107
Div Skogeiere	203	-	-	399	156	298	1056
Sum	18207	1234	2643	32216	200	946	55465

Av det innmeldte bartrevolumet er 83% registrert som gran. 8428 fm³ er registrert som sagtømmer/sagtømmer sams. Om lag 623 fm³ av bartrevolumet er registrert som sams, dvs skurtømmer/massevirke. Til sammen 36 093 m³ er registrert som heltreflis.

Bi Brenselsflis

Biobrenselsanleggene i fylket har hatt følgende forbruk av skogsflis i år:

Biobrensel-anlegg	Kom	Eier	Flis-leverandør	Forbruk av skogsflis (fm³)	Fuktig -het (%)	Prod. Energi av skogsflis (GWh)	Tot.prod (GWh)	Bioenergi-andel (%)
Trondenes leir	Harstad	Bioenergy	Fagerhaug maskin	2 091	39	3,89	4	97,3
Bardufoss/Rustad leir	Målselv	Norsk biobrensel	Hilma entreprenør	10 264	42	19,10	20,6	92,7
Skjold leir	Målselv	Norsk biobrensel	Hilma entreprenør	5 607	42	10,43	11,10	94
Setermoen leir	Bardu	Forsvarsbygg	Norsk biobrensel/Hilma entreprenør	3 843	40	11	22,13	49,7
Hellholmen	Harstad	Statkraft varme	Fagerhaug maskin (95%) og Allskog	24 630	40	48,2	51,95	92,8
Bardufoss lufthavn	Målselv	Solør bioenergi	Kongsli	2 802	45	4,55	4,61	98,7
Storslett	Nordreisa	Solør bioenergi	Kongsli/egen	1 104	32,5	1,79	2,77	64,6
Evenes lufthavn*	Evenes	Solør bioenergi	Fagerhaug maskin	4 339	45	7,05	7,29	96,7
Sum				54 680		106,05	124,45	85,2

* Ligger i Nordland fylke. Noe av skogsflisforbruket hogges trolig i Troms.

Virkespriser

Virkespriser for ulike treslag i 2024:

Treslag	Volum fm3	Gj.snittlig bruttoverdi kr/m3
Furu	3 123	482 (50 - 650)
Gran	14 995	622 (46 - 966)
Lauv	1 165	419 (150 - 606)
Rundtvirke til flis lauv	202	92 (75 - 100)
Heiltreflis lauv/bar	35 891	170 (60 - 460)
SUM	55 376	Samla verdiskaping: 17 612 409 kr

Kilde: Rapport 21 – Innrapportert avvirkning (VSOP) 2024 i ØKS

DRIFTSTEKNIKK

Troms fikk kr. 4.000.000 i LUF-tilskott til fordeling på ordningene skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i tildelingsbrevet for 2024.

Det ble ila året gitt tilleggsbevilgninger på til sammen kr 1.200.000.

Totalt var disponibelt tilskott for tildeling innen ordninga kr 5.200.000.

Skogsvegbygging

Interessen for å søke om tilskott til skogsvegbygging er god. Det ble behandlet 18 søknader med et totalt tilskottsbehov på ca 3,8 mill. kroner.

9 søknader hadde behov for tilleggsbevilgninger på til sammen ca 1,2 mill. kroner i tilskott – ofte på grunn av økte kostnader i forbindelse med behov for meisling og sprenging av fjell. Det var stort sett gode forhold for vegbygging. Tabellene X og Xb bak i årsmeldinga viser statistikken for skogsvegbygginga i år.

Investeringer LUF (se tabell Xb):

Det er utbetalt totalt kr. 5.005.271,- til skogsvegbygging av LUF-midler. Ca 66% er utbetalt til bilveganlegg. Målselv har hatt høyest aktivitet i år med ca 38% andel av totale investeringer.

Ferdigstilte veger (se tabell X):

Det ble ferdigstilt 9 bilveganlegg på til sammen 6,190 km i vegklassene III og IV. Av dette utgjorde nyanlegg 3,665km og ombygging 2,825km.

Det ble ferdigstilt 5 traktorveganlegg på til sammen 1,175km i vegklassene VII og VIII. Av dette utgjorde nyanlegg 0,730km og ombygging 0,480km. I tillegg et det ferdigstilt 0,332km bilveg og 2,159km traktorvegn bygd uten tilskott.

Gjennomsnittlige tilskottsprosenten for ferdigstilte veganlegg var 74% for bilveger og 58% for traktorveger. Den totale byggekostnaden var på til sammen ca 4,3 million kroner, det ble bevilget 2,8 millioner kroner i statstilskott.

Ansvar:

Det er 45 anlegg som har fått tilsagn om tilskott, som enten er under arbeid, ikke påbegynt eller ikke ferdigstilt. Samla ansvar for de 45 anleggene ved utgangen av året er på til sammen ca 8,4 mill. kroner.

I år var de gjennomsnittlige vegkostnadene pr.m:

Vegklasse	III	IV	VII	VIII
Nyanlegg	502	729	324	188
Ombygging	543	688	-	261

Ved sammenligning av kostnader pr meter veg mellom år og vegklasser, må en være oppmerksom på at kostnadene kan variere mye pga. terreng, type masser i vegbanen, spregningsarbeid, masseutskiftning, stikkrenner, og bruer m.v. I år hvor få anlegg er ferdigstilte vil enkeltanlegg kunne trekke vegkostnadene mye opp eller ned.

Prosjekt økt skogsbilveibygging i Troms og Finnmark:

Det ble gjennomført 20 forhåndsbefaringer av profesjonell veiplanlegger fordelt på 4 kommuner (Sørreisa, Bardu, Harstad og Kvæfjord). Befaringsrapporten ga skogeier en anbefaling på veien videre med å realisere veganlegget. Det ble utbetalt totalt kr. 100 000,- i tilskudd til gjennomføring av prosjektet.

Drift i vanskelig terreng (se tabell XI):

Det er behandlet 12 søknader om tilskott til drift i vanskelig terreng. Det er utbetalt kr 522 860,- innen ordning for et kvantum på 5940 fm³.

